

Ot.prp. nr. 102

(2008–2009)

Om lov om endringar i domstolloven mv. (godkjenning av sidegjeremål for dommarar mv.)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 19. juni 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

Proposisjonen inneholder forslag til visse endringar i reglane om godkjenning av sidegjeremål for dommarar. For det første foreslår departementet at domstolloven § 121 c første ledd, som nemner opp kva for sidegjeremål som krev godkjenning, får eit nytt punkt om plikt til å søkje om godkjenning for å ta på seg granskingsoppdrag. Også etter dagens reglar er det i mange tilfelle plikt til å søkje om godkjenning av granskingsoppdrag. Den regelen som departementet foreslår, utvidar plikta noko. I tillegg vil endringa gjere det klårare kva plikta femner.

Myndet til å godkjenne sidegjeremål for dommarar ligg i dag hos Domstoladministrasjonen, eventuelt hos leiaren av domstolen på grunnlag av delegasjon frå Domstoladministrasjonen, jf. domstolloven § 121 d. I proposisjonen foreslår departementet at det skal høre under justitiarius i Høgsterett å avgjere søknadar om godkjenning av sidegjeremål frå dommarar i Høgsterett, og at vedtaket skal vere endeleg. Dette forslaget har samanheng med Høgsteretts konstitusjonelle stilling.

Etter domstolloven § 54 og straffeprosessloven § 56 må ein ha juridisk embeteksamen med «beste karakter» for å bli utnemnd til dommar i Høgsterett, førstelagmann, lagmann eller riksadvokat. Vidare må ein etter domstolloven § 54 ha juridisk embeteksamen med «beste eller næstbeste karakter» for å bli utnemnd til lagdommar eller tingrettdommar eller tilsatt som dommarfullmektig. I

løpet av dei siste åra er karaktersystemet ved dei juridiske fakulteta endra, og det er blitt tvil om kva for krav til eksamsresultat som ligg i dei aktuelle føresegnene. I proposisjonen foreslår departementet å oppheve krava til «beste» eller «beste eller næstbeste» karakter. For dommarar vil det følgje av domstolloven § 55 at det framleis skal stillast store krav til faglege kvalifikasjonar. Forsлага er ein konsekvens av tekniske endringar, og inneber ikkje at det for nokon av stillingane skal leggjast mindre vekt på eksamskarakterar ved utnemningar enn i dag.

Indirekte får oppheving av karakterkrava i domstolloven § 54 og straffeprosessloven § 56 verknad for fleire enn dommarar og riksadvokat. Dette skyldes at lovgjevinga om andre stillingar og verv i mange tilfelle viser til dei krava som gjeld for til dømes høgsterettsdommarar. Mellom anna gjeld dette for stillinga som generaladvokat, jf. straffeprosessloven § 472.

I tillegg til karaktersystemet, er også namnet på dei ulike universitetsgradene endra. Sidan 2005 tildele dei juridiske fakulteta ikkje lenger juridisk embeteksamen, men graden «master i rettsvitenskap», jf. universitets- og høgskoleloven § 3-2 og forskrift 16. desember 2005 nr. 1574 om grader og yrkesutdanninger, beskyttet tittel og normert studietid ved universiteter og høyskoler § 2. Dei føresegnene i lovgjevinga som krev juridisk embeteksamen må difor no tolkast slik at dei krev anten juridisk embeteksamen *eller mastergrad i rettsvitenskap*.

skap. I motsetnad til det som gjeld for karakterkrava, er denne utvida tolkinga sjølvsagt. Proposisjonen inneholder likevel forslag om at dei føresegnene i domstolloven og straffeprosessloven som nemner juridisk embetseksamens, blir supplert med uttrykket «eller mastergrad i rettsvitenskap».

Endeleg inneholder propisisjonen forslag til opprettning av enkelte feil i rettshjelploven og ein feil i loven om nordisk arrestordre.

2 Godkjenning av sidegjeremål for dommarar

2.1 Bakgrunnen for lovforslaga

2.1.1 Innleiing

Ved lov 15. juni 2001 nr. 62 blei det gitt nye reglar om sidegjeremål for dommarar (domstolloven kapittel 6 A). Reglane blei sette i kraft 1. november 2002. Med sidegjeremål forstår ein «medlemskap, verv eller andre engasjementer i eller for foretak, organisasjoner, foreninger eller organ for stat, fylkeskommune eller kommune», jf. domstolloven § 121 a. Før dei nye reglane kom til, var spørsmålet om kva for gjeremål dommarane kan ha ved sida av dommarverksemda berre delvis regulert i lov, sjå Ot.prp. nr. 44 (2000–2001) side 137 flg.

I løpet av 2006 og 2007 mottok departementet forslag frå justitiarius i Högsterett om endringar i reglane om godkjenning av sidegjeremål for dommarane der, og frå Domstoladministrasjonen om endringar i reglane om kva for sidegjeremål som krev godkjenning. Forslaga frå Högsterett går ut på å overføre myndet til å godkjenne sidegjeremål for dommarane i denne domstolen frå Domstoladministrasjonen til justitiarius i Högsterett, og at justitiarius skal avgjere saka med endeleg verknad. Forslaga er nærmere omtalte i punkt 2.3.

Domstoladministrasjonens forslag går ut på å utvide opprekninga i domstolloven § 121 c første ledd av kva for sidegjeremål som krev godkjenning. Føresegna skal etter forslaget for det første supplerast med ein regel om at dommarane må søkje om godkjenning for alle sidegjeremål som kan føre til at tilliten til domstolane og dommarane og deira sjølvstende blir svekka. Vidare skal ho etter forslaget få ein regel om at dommarane må søkje om godkjenning for sidegjeremål i granskingskommisjonar og granskingsutval. Endeleg har Domstoladministrasjonen foreslått ei språkleg endring av dagens regel om plikt til å søkje om godkjenning for å delta i skilsdom. Forslaga frå Domstoladministrasjonen er nærmere omtalte i punkt 2.2.

2.1.2 Høyringa

I brev 22. november 2007 sende departementet forslaga frå justitiarius i Högsterett og Domstoladministrasjonen på høyring (i ei noko omarbeidd utgåve). Dei forslaga som blei sende på høyring, lyder:

§ 121 c første ledd

«En dommer i Høyesterett, lagmannsrettene, tingrettene, jordskifteoverrettene og jordskifterettene må søke om godkjenning for sidegjøremål

1. som kan medføre at dommeren mer enn leilighetsvis kan bli inhabil
2. som kan medføre at arbeidet i dommerstillingen hemmes eller sinkes
3. i kollegiale forvaltningsorganer hvor det er sannsynlig at avgjørelsen kan bli brakt inn for domstolene til overprøving
4. i privat eller offentlig næringsvirksomhet
5. i granskingskommisjoner eller -utvalg
6. i private tvisteløsningsnemnder
7. som medlem i voldgiftsrett
8. i andre tilfeller der sidegjøremålet kan medføre at tilliten til domstolene og dommerne og deres uavhengighet svekkes.»

§ 121 d

«Godkjenning av dommeres sidegjøremål gis av domstoladministrasjonen. Domstoladministrasjonen kan delegera til domstollederen å treffen vedtak i saker om godkjenning. For dommere i Høyesterett godkjennes sidegjøremål av justitiarius.

For saker om godkjenning gjelder forvaltningslovens regler om enkeltvedtak, likevel slik at vedtak av domstoladministrasjonen og vedtak av justitiarius i Høyesterett ikke kan påklages.»

Høyringsbrevet, med frist 1. mars 2007 for å kome med fråsegn, blei sendt til:

Departementet

Högsterett

Lagmannsrettane

Tingrettane

Domstoladministrasjonen

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker

Regjeringsadvokaten

Riksadvokaten

Sivilombodsmannen

Datatilsynet

Bergen forsvarerforening

Den Norske Advokatforening

Den norske Dommerforening

Tilsynsrådet for dommarar

Dei juridiske fakulteta i Bergen, Oslo og Tromsø

Kompetanseutvalet for dommarar

Forsvarergruppen av 1977
 Norsk senter for menneskerettar, Universitetet i Oslo
 Likestillings- og diskrimineringsombodet
 Norges Juristforbund
 Rettspolitisk forening
 Norsk Presseforbund
 Norsk Redaktørforening
 Akademikerne
 Landsorganisasjonen i Norge
 Næringslivets Hovedorganisasjon

Følgjande instansar har hatt merknader:
 Samferdselsdepartementet
 Högsterett
 Borgarting lagmannsrett
 Asker og Bærum tingrett
 Oslo byfogdebete
 Domstoladministrasjonen
 Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker
 Den Norske Advokatforening
 Den norske Dommerforening
 Forsvarergruppen av 1977
 Næringslivets Hovedorganisasjon

I tillegg har professor Johan Giertsen ved Det juridiske fakultetet, Universitetet i Bergen, gitt merknader.

Følgjande instansar har svart at dei ikkje har merknader:
 Arbeids- og inkluderingsdepartementet
 Finansdepartementet
 Fiskeri- og kystdepartementet
 Forsvarsdepartementet
 Fornyings- og administrasjonsdepartementet
 Helse- og omsorgsdepartementet
 Kunnskapsdepartementet
 Landbruks- og matdepartementet
 Miljøverndepartementet
 Nærings- og handelsdepartementet
 Utanriksdepartementet
 Datatilsynet
 Likestillings- og diskrimineringsombodet
 Riksadvokaten
 Landsorganisasjonen i Norge

2.2 Spørsmål om godkjenning av sidegjermål om granskning

2.2.1 Gjeldande rett

Domstolloven § 121 c første og andre ledd nemner opp kva for sidegjermål som treng godkjenning for at ein dommar skal kunne ta på seg gjeremålet. Den aktuelle delen av fråsegna lyder:

«En dommer i Høyesterett, lagmannsrettene, tingrettene, jordskifteoverrettene og jordskifterettene må søke om godkjenning for sidegjermål

1. som kan medføre at dommeren mer enn leilighetsvis kan bli inhabil
2. som kan medføre at arbeidet i dommerstillingen hemmes eller sinkes
3. i kollegiale forvaltningsorganer hvor det er sannsynlig at avgjørelser kan bli brakt inn for domstolene til overprøving
4. i privat eller offentlig næringsvirksomhet
5. i private tvisteløsningsnemnder og
6. om oppnevning som medlem av voldgiftsrett.

Unntatt fra godkjenning er

1. valg eller oppnevning som foretas av Stortinget eller av Kongen i statsråd
2. valg som stortingsrepresentant, som medlem av Sametinget eller som medlem av folkevalgte organer i kommune eller fylkeskommune og
3. verv i registrert politisk parti.»

Føresegna blei til etter avveging av ei rekke omsyn både for og imot at dommarane skal kunne ha sidegjermål, sjå Ot.prp. nr. 44 (2000–2001) side 151. Eit av dei mest sentrale omsyna mot sidegjermål – og ein sentral del av bakgrunnen for at vi har ei lovregulering av temaet – er at sidegjermål i visse tilfelle kan gi inntrykk av at ein dommar representerer særskilte interesser eller holdningar, og såleis ikkje er så upartisk, uavhengig og sjølvstendig som dommarane bør vere. Omsynet til dommarane og domstolane sitt sjølvstende, og til at allmenta skal ha tillit til at dei er sjølvstendige, kjem likevel berre indirekte til uttrykk i § 121 c. Dagens regel om når ein dommar treng godkjenning for sidegjermål, er med andre ord ikkje knytt direkte opp mot omsynet til sjølvstende og tillit.

Opprekninga i domstolloven § 121 c første og andre ledd nemner ikkje granskingsverksemrd. Deltaking i granskingskommisjonar blei likevel særskilt drøfta under førebuinga av føresegnar, sjå Ot.prp. nr. 44 (2000–2001) side 156. Departementet uttalte då at det ikkje var grunn til å innføre eit forbod mot at dommarar deltek i granskingskommisjonar eller å etablere ei særskild godkjenningsordning ut over dei generelle reglane for særleg arbeidstyngjande sidegjermål og sidegjermål i statlege nemnder der ein må rekne med at avgjerder frå organet blir brakt inn for domstolane. Vidare uttalte departementet (same stad):

«Vanligvis vil deltakelse i granskingskommisjoner være så arbeidskrevende at det må søkes om godkjenning på et slikt grunnlag. Det bør

imidlertid gjøres unntak fra alle valg og oppnevninger som foretas av Stortinget eller av Kongen i statsråd.»

At granskingsverksemd kan krevje godkjenning etter § 121 c første ledd nr. 2, kjem til uttrykk også i særmerknadene til denne delen av føresegna, sjå Ot.prp. nr. 44 (2000–2001) side 195–196.

Domstolloven § 121 c første ledd nr. 3 gjeld sidegjeremål «i kollegiale forvaltningsorganer». Både ordlyden og særmerknadene til nr. 3 peikar i retning av at denne delen av føresegna gjeld for deltaking i forvaltningsorgan av meir permanent karakter enn det som er typisk for eit granskingsutval (same stad side 196). I same retning talar det at det i den tidlegare nemnde, særskilte drøftinga av «Granskingskommisjoner» på side 156 i proposisjonen, blir vist til regelen i § 121 c første ledd nr. 2 som den sentrale rettslege skranken for å ta på seg slike gjeremål utan godkjenning. Men i dei generelle merknadene er «ulike granskingskommisjoner» nemnde som døme på statlege nemnder, som igjen går under uttrykket «kollegiale forvaltningsorganer» (Ot.prp. nr. 44 (2000–2001) side 155, og også på side 137). Og den særskilte drøftinga av «Granskingskommisjoner» på side 156 i proposisjonen står under overskrifta «Kollegiale forvaltningsorganer». Den same disponeringa finn ein igjen i Domstolkommisjonen si utgreiing (NOU 1999: 19 side 273 flg.). Dette peikar i retning av at deltaking i offentlege granskingsutval kan krevje godkjenning også etter § 121 c første ledd nr. 3. Domstoladministrasjonen har lagt denne forståinga til grunn i sin omtale av gjeldande rett i det høyningsnotatet som låg ved departementet sitt høyningsbrev 22. november 2007. Departementet ser at lovførarbeida etter dette ikkje er heilt konseise og klåre om tilhøvet mellom uttrykket «kollegiale forvaltningsorganer» og granskingsutval i offentleg regi.

Paragraf 121 c første ledd nr. 4 gjeld sidegjeremål «i privat eller offentlig næringsvirksomhet». I særmerknadene til denne delen av føresegna er «næringsvirksomhet» definert som verksemد som drivast ut frå forretningsmessige formål (Ot.prp. nr. 44 (2000–2001) side 196). Vidare blir det uttalt (same stad):

«Bestemmelsen gjelder direkte deltagelse i selve driften, for eksempel ved verv som leder, styremedlem eller lignende. Ren investeringer omfattes ikke av denne bestemmelsen.»

Domstoladministrasjonen har lagt til grunn at deltaking i ekstern gransking av aksjeselskap og allmennaksjeselskap etter selskapslovgjevinga krev godkjenning etter § 121 c første ledd nr. 4, og

at det same gjeld for gransking av andre slags selskap. Når det gjeld samanslutningar som ikkje er selskap, konstaterar Domstoladministrasjonen at det ikkje lenger er tale om eit næringsformål, slik at sidegjeremål fell utanfor det som krev samtykke etter § 121 c første ledd nr. 4.

Definisjonen i domstolloven § 121 a av uttrykket «sidegjøremål» er vid, ved at han nemner både medlemskap, verv og «andre engasjementer», og at gjeremålet blir omfatta om det er «i eller for foretak, organisasjoner, foreninger eller organ for stat, fylkeskommune eller kommune». Sjølv om det med § 121 første ledd c nr. 4 primært er tenkt på meir ordinær deltaking i næringsverksemd enn gransking, dekkjer ordlyden også meir avgrensa oppdrag, slik granskingsoppdrag gjerne vil vere. Dersom den verksemda som granskingsa spring ut ifrå er «næringsvirksomhet», har altså Domstoladministrasjonen sett det slik at granskingsoppdrag for verksemda er omfatta av plikta etter § 121 c første ledd nr. 4. Men lova er ikkje klar på dette punktet.

I ei nyleg framlagd utredning om offentleg oppnemnte granskingskommisjoner (NOU 2009: 9 Lov om offentlige undersøkelseskommisjoner) har eit offentleg utval drøfta om mellom anna dommarar bør vere leiar for slike kommunar. Utvalet har ikkje foreslått ein lovregel om dette.

2.2.2 Kort om svenske og danske reglar om sidegjeremål

I Danmark følger det av tjenestemannsloven § 17 at statstenestemenn, blant dei dommarar, berre kan ha sidegjeremål i den grad gjeremålet kan sameinast med

«den samvittighedsfulde udøvelse af de til tjenestemanndsstillingen knyttede pligter og med den for stillingen nødvendige agtelse og tillid.»

I tillegg har retsplejeloven §§ 47-47 f særskilde reglar om sidegjeremål for dommarar. Rettlejeloven §§ 47 og 47 a seier:

«§ 47

En dommer må kun have beskæftigelse ved siden af sin dommerstilling under de betingelser, der er angivet i §§ 47 a og 47 b og i tjenestemannslovens § 17.

Stk. 2. Der oprettes et Bibeskæftigelsessævn, jf. § 47 e og § 47 f, til varetagelse af de opgaver, der er nævnt i §§ 47 a-47 d.

§ 47 a

En dommer må kun have fast indtægtsgivende bibeskæftigelse, hvis det ved lov er bestemt, at det pågående hverv skal vareta-

ges af en dommer, eller hvis dommerens varetagelse af hvertet tillades af Bibeskæftigelsesnævnet.

Stk. 2. Hverv som medlem af et offentligt eller privat råd eller nævn må kun varetages af højesteretsdommere, landsdommere og præsidenten og vicepræsidenterne for Sø- og Handelsretten, hvis det er bestemt ved lov eller godkendt af Bibeskæftigelsesnævnet, at hvertet skal varetages af en sådan dommer. Nævnets godkendelse kan begrænses til at gælde for en bestemt dommer eller for et bestemt tidsrum.

Stk. 3. Udpegnings af en dommer som medlem af et offentligt eller et privat råd eller nævn, som medlem af en voldgiftsret eller til anden twistløsning uden for domstolene skal foretages af vedkommende retspræsident eller af en anden dommer, som en retspræsident har bemyndiget hertil.

Stk. 4. Bibeskæftigelsesnævnet offentliggør årligt en oversikt over de tilladelser, som nævnet har givet i medfør af stk. 1, og de hvert, som nævnet i medfør af stk. 2 har bestemt kan varetages af højesteretsdommere, landsdommere eller præsidenten eller en vicepræsident i Sø- og Handelsretten.»

Som det går fram av det siterte, treng danske dommarar i mange tilfelle godkjenning for å kunne ta på seg sidegjeremål. I tillegg gjeld det ei særskild inntektsgrense. Etter retsplejeloven § 47 b første ledd skal ein dommar sine inntekter av sidegjeremål i gjennomsnitt ikkje overstige halvparten av løna i hovudstillinga, og skal maksimalt utgjere halvparten av løna som høgsterettsdommar. § 47 b andre ledd har visse unntak frå hovudregelen i første ledd.

Danmark har vidare ei særskilt lov om undersøkelseskommisioner. Lova regulerar undersøkingar initiert av justisministeren, eventuelt etter pålegg frå Folketinget. Ho byggjer på ein føresetnad om at ein dommar kan vere medlem av undersøkelseskommisjonen, jf. at det følgjer av § 2 at dersom ein dommar skal vere medlem av kommisjonen, skal denne vere leiar.

I *Sverige* er dommarane omfatta av lov om offentlig anställning (1994:260) § 7, som lyder:

«En arbetsstagare får inte ha någon anställning eller något uppdrag eller utöva någon verksamhet som kan rubba förtroendet för hans eller någon annan arbetsstagares opartiskhet i arbetet eller som kan skada myndighetens anseende.»

I tillegg følgjer det av kollektivavtale at sidegjeremål heller ikkje må vere til hinder for å gjere ein fullgod arbeidsinnsats i den ordinære stillinga. I

SOU 2000:80 Offentligt anställdas bisysslor blei det vurdert om det bør innførast særskilte forbod mot sidegjeremål for dommarar, men konkludert med at det ikkje er behov for slike reglar. Noko seinare blei det innført ei plikt for mellom anna dommarar til å melde frå om dei gjeremåla som dei tek på seg.

2.2.3 *Forsлага frå Domstoladministrasjonen*

I brev 26. september 2007 til departementet har Domstoladministrasjonen satt fram forslag om somme endringar i reglane om kva for type sidegjeremål som krev godkjenning. For det første går Domstoladministrasjonen inn for at opprekninga i domstolloven § 121 c første ledd skal få eit nytt punkt om at dommarar må søkje om godkjenning for sidegjeremål «som kan medføre at tilliten til domstolene og dommerne og deres uavhengighet svekkes». For det andre foreslår Domstoladministrasjonen at den same føresegna skal få eit nytt punkt om at dommarane må søkje om godkjenning for sidegjeremål «i granskingskommisjoner eller -utvalg». Endeleg foreslår Domstoladministrasjonen at det blir gjort ei språkleg endring i § 121 første ledd nr. 6, ved at regelen om plikt til å søkje om godkjenning for sidegjeremål «om oppnevning som medlem av voldgiftsrett» blir endra til å gjelde for sidegjeremål «som medlem i voldgiftsrett».

I grunngjevinga for forslaga har Domstoladministrasjonen vist til at det synest å bli oppnemnd stadig fleire granskingsutval i privat regi, og at det meir enn før er reist kritikk mot denne forma for undersøkingar. Domstoladministrasjonen nemner eit par døme som har vekt stort offentleg ordskifte om i kva for grad granskingskommisjonar er eigna til å løyse den aktuelle typen konfliktar, og om dei som blir granska, har godt nok rettsvern. Domstoladministrasjonen reknar med at det vil vere eit kritisisk lys mot granskingskommisjonar også framover.

Domstoladministrasjonen legg til grunn at deltaking i offentlege granskingsutval og gransking av aksjeselskap i stor grad er omfatta av domstolloven § 121 c første ledd nr. 3 og 4 (og eventuelt nr. 1 og 2). Samstundes fell gransking i private samanslutningar utan næringsformål utanfor godkjenningsordninga, og dommarane kan difor ikkje nektast å ta på seg slike verv (utanom tilfelle der vervet fell inn under nr. 1 eller nr. 2). Vidare peikar Domstoladministrasjonen på at domstolloven § 121 c første ledd kan verke ulikt, alt etter som ein person skal utføre granskinga aleine eller saman med andre i eit granskingsutval. Instansen meiner at det ikkje er reelle grunnar til å føre vidare desse

skilnadene, og at det er behov for ein regel om at alle typar av granskingsoppdrag treng godkjenning.

Domstoladministrasjonen har foreslått at domstolloven § 121 c første ledd skal lyde:

«§ 121 c. En dommer i Høyesterett, lagmannsrettene, tingrettene, jordskifteoverrettene og jordskifterettene må søke om godkjenning for sidegjøremål

1. som kan medføre at tilliten til domstolene og dommerne og deres uavhengighet svekkes
2. som kan medføre at dommeren mer enn leilighetsvis kan bli inhabil
3. som kan medføre at arbeidet i dommerstillingen hemmes eller sinkes
4. i kollegiale forvaltningsorganer hvor det er sannsynlig at avgjørelsen kan bli brakt inn for domstolene til overprøving
5. i privat eller offentlig næringsvirksomhet
6. i granskingskommisjonar eller – utvalg
7. i private tvisteløsningsnemnder og
8. som medlem i voldgiftsrett.»

2.2.4 Justisdepartementet sitt syn før høyringa

I høyringsbrevet peika Justisdepartementet på at bruken av ei føresegns som forslaget til § 121 c første ledd nr. 1, i stort monn vil avhenge av eit skjønn. Føresegna vil i mange tilfelle gjere det vanskelegare for den einskilde dommar å vurdere om eit sidegjøremål krev godkjenning, og det vil bli mindre føreseileg om godkjenning vil bli gitt. Vidare uttalte departementet mellom anna:

«Det er ingen tvil om at det er tilliten til domstolene og dommerne, herunder til deres uavhengighet, som er kjernen i de hensyn som ligger bak § 121 c. Overført til den enkelte sak kan det imidlertid lett oppstå tvil om hvor langt hensynene strekker seg, og det kan reises spørsmål om hensiktsmessigheten av å påføre dommerne denne usikkerheten. Domstoladministrasjonen kan yte veiledning, blant annet når det meldes inn sidegjøremål for registrering som det skulle vært søkt om godkjenning for. Veileddning på dette stadiet kan imidlertid være noe sent. De hensyn som ligger til grunn for at reglene om begrensning i adgangen til å påta seg sidegjøremål forutsetningsvis skal komme til uttrykk i loveteksten, tilsier dessuten at det bør være grenser for hvilket skjønn som legges til Domstoladministrasjonen. Det kan også spørres om en generell hjemmel kan komme til å bli forstått og anvendt slik at den også blir til hinder for sidegjøremål som vil virke berikende på den erfaringsbakgrunn som en dommer har nytte av i sin dømmende virksomhet. Samtidig er det utvilsomt slik at jo mer konkret og

avgrenset regelen om godkjenning av sidegjøremål er, jo større er faren for at det dukker opp sidegjøremål som ikke dekkes av regelen, men som vil være lite gunstige i et tillits- og uavhengighetsperspektiv.»

Når det gjeld forslaget til eit nytt punkt 6 om krav til godkjenning for å delta i granskingskommisjonar eller granskingsutval, sa departementet i høyringsbrevet mellom anna:

«Det er i den senere tid gjennomført flere granskinger der blant annet dommere, har deltatt. Etter departementets syn er hensynene for og imot en regel om godkjenning for slike sidegjøremål likevel omtrent de samme som før. Granskinger utføres ofte raskt og i et opprørt og uoversiktlig «farvann», og det kan nok variere noe i hvilken grad granskingsrapporter faktisk bidrar til å skape avklaring og ro. At det kommer motforestillinger mot en granskingsrapport, innebærer formodentlig ikke i seg selv noen særskilt trussel mot tilliten til dommerne; også avsagte dommer kan være gjenstand for diskusjon. Det kan kanskje snarere spørres om granskinger etter sin art er kvalitativt gode nok prosesser – rettsikkerhetsmessig og ellers – til at dommere skal kunne knyttes til dem uten en forutgående vurdering fra Domstoladministrasjonens eller embetslederens side. Dette kan særlig ha betydning for privat oppnevnte granskingsutvalg, siden regelverket for offentlig oppnevnte granskingskommisjoner som nevnt er under utredning.

Departementet ser at det etter omstendighetene kan være enkelte granskingsprosesser som dommere ikke bør engasjere seg i, også utenom tilfeller der gjøremålet kan medføre at det ordinære dommerarbeidet hemmes eller sinkes. Eksempelvis kan det være at dommere ikke bør delta i granskinger som skal gjennomføres raskere enn at det er mulig å arbeide med en viss grundighet. Et stykke på vei må det kunne forutsettes at den enkelte dommer selv kan vurdere dette. Dersom det lovfestes et krav om godkjenning, vil det imidlertid innebære at det foretas en mer eksplisitt vurdering av om granskingsoppdraget både praktisk og prinsipielt sett er forenlig med dommerstillingen.»

I høyringsbrevet var lovforslaget noko omarbeidd reint teknisk, ved at Domstoladministrasjonens forslag til nytt nr. 1 var sett til sist i opprekninga, som nr. 8, og forslaget til nr. 6 vart då nr. 5 i departementet sitt høyringsforslag.

2.2.5 Høyringsinstansane sitt syn

Fleirtalet av dei høyringsinstansane som har uttalt seg, støttar forslaget til eit nytt punkt i § 121 c første

ledd om plikt til å søkje om godkjenning for deltaking i granskingskommisjonar og granskingsutval. Når det gjeld forslaget til eit nytt punkt om godkjenning av alle sidegjeremål som kan føre til at tilliten til domstolane og dommarane og deira sjølvstende blir svekka (punkt nr. 1 i forslaget frå Domstoladministrasjonen, punkt nr. 8 etter departementet si omarbeiding), er dei fleste skeptiske eller klårt imot.

Høgsterett er samd i at omsyna til dommarane og domstolane sitt sjølvstende, og tilliten til det, blir løfta fram i loveteksten, slik det ligg i forslaget til § 121 første ledd nr. 8. Høgsterett har heller ikkje merknader til at det tas inn i lova at deltaking i granskingskommisjonar og granskingsutval skal krevje godkjenning. Domstolen sluttar seg til forslaget om ei språkleg endring i punktet om skilsdom (§ 121 c første ledd nr. 7 i departementets høyingsframlegg).

Leiaren for Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker meiner at det – med dei reglane vi har om gjenopning – er viktig at regelverket mest mogleg sikrar at ein dommar ikkje kjem i situasjoner der det blir reist tvil om hans eller hennar habilitet. Domstolloven kapittel 6 A er eit slike regelverk. Høyingsinstansen støttar forslaget om at domstolloven § 121 c første ledd skal få ei ny «sekkefråsegn» om plikt til å søke om godkjenning for sidegjeremål som kan føre til at tilliten til domstolane og dommarane og deira sjølvstende blir svekka (§ 121 første ledd nr. 8). Vidare støttar Leiaren for Kommisjonen forslaget til eit nytt punkt nr. 5 om at dommarane skal søkje om godkjenning av sidegjeremål for granskingskommisjonar eller granskingsutval.

Den Norske Advokatforening (Advokatforeininga) sluttar seg til forslaget om å lovfeste ei «sekkefråsegn» om tillit og sjølvstende til slutt i domstollova § 121 c første ledd, og meiner at desse grunnleggjande omsyna må veie tyngre enn ulempene ved at regelen blir skjønnsbasert og generell. Når det gjeld deltaking i granskingskommisjonar og granskingsutval, sluttar høyingsinstansen seg til forslaget til eit nytt punkt nr. 5 i § 121 c første ledd. Han visar til at det kan vere vanskeleg å sameine granskning med dømmande verksemd, og at den som opptrer som granskar, kan gi inntrykk av å misbruке dommaren sin autoritet og domstolane sin legitimitet. Advokatforeininga legg til grunn at ein, i bruken av det nye punktet, særleg vil sjå på dei rettstryggleiksmessige sidene ved granskingsoppdraget. Høyingsinstansen meiner elles at det finst gode argument for å innføre eit forbod mot at dommarar skal delta i slik verksemd.

Oslo byfogdembete har ikkje motsegner mot forslaget om at deltaking i granskingskommisjonar og granskingsutval må ha godkjenning. Men ordninga bør etter domstolen si meining vere slik at det blir vurdert om deltaking i slike arbeid vil vere skadeleg for domstolane, og at avslag berre blir gitt når det er reelle grunnar for det. Domstolen føreset at mynde til å gi godkjenning blir lagt til leiaren for domstolen. Reint allment meiner høyingsinstansen at det er verdfullt at dommarar får røynsler frå andre samfunnsområde enn dei strengt juridiske, og at det ikkje er ynskjelig med regelverksendringar som inneber at dommarane jamt over blir meir tilbakehaldne med å ta på seg sidegjeremål. Søknadsprosessen bør ikkje bli for tungvint. Domstolen ynskjer at leiaren for den einskilde domstolen i størst mogleg grad skal ha mynde til å samtykke til sidegjeremål, også for næringsverksemder. Det kan vere ynskjeleg med generelle retningslinjer, slik at praktiseringa ikkje blir for ulik ved domstolane.

Oslo byfogdembete er skeptisk til ei ny «sekkefråsegn» om plikt til å søkje om godkjenning for sidegjeremål som kan føre til at tilliten til domstolane og dommarane og deira sjølvstende blir svekka. Høyingsinstansen ser ikkje at det – ut over det som gjeld granskning, og som er meint løyst med nr. 5 – er gitt døme på tilfelle der det er behov for ein slike regel. I tillegg til dei motargumenta som departementet har nemnt, er høyingsinstansen uroleg for at ein slike regel kan bli forstått og brukta slik at den blir til hinder for sidegjeremål som vil styrke den erfaringsbakgrunnen som ein dommar har nytte av i dommargjerninga. Dersom ein meiner det kan bli eit problem at dommarar tek på seg verv som kan svekkje tilliten til domstolane og dommarane sin sjølvstende, får ein heller vurdere å gi ein regel som let leiaren for domstolen påleggje ein dommar å avvikle det aktuelle vervet (med klagerett til Domstoladministrasjonen).

Forsvarergruppen av 1977 meiner at det bør vere ein restriktiv praksis med omsyn til dommarane sitt høve til å ta på seg sidegjeremål, men ikkje så strengt at dei ikkje får høve til å hente erfaringar og impulsar frå anna verksemd enn domstolane. Retningslinene for når dommarane må søkje om godkjenning, bør vere så klåre og føreseielege som mogleg. Den norma som ligg til grunn for forslaget til eit nytt punkt nr. 8 i § 121 c første ledd, bør styre dommarane både i og utanfor den dømmande verksemda, jf. også eit forslag som ligg føre til etiske reglar for dommarar. Etter høyingsinstansen sitt syn vil det likevel vere uheldig å lovfeste forslaget fordi det ikkje gir den einskilde dommar konkret rettleiing om i kva for tilfelle han eller ho må søkje

om godkjenning. Forsvarergruppen av 1977 ser det meir føremålstøy til omsynet til sjølvstende for domstolen og dommarane står i dei etiske reglane, slik at Tilsynsutvalet for dommarar kan sanksjonere eventuelle mistak.

Forsvarergruppen av 1977 sluttar seg til forslaget til ein nytt punkt nr. 5 om krav til godkjenning av sidegjeremål for granskingskommisjonar og granskingsutval. Dei tvilsame sidene ved gransking blir korkje større eller mindre ved at dommarar deltek i slike utval. Men dommarar bør vere varsame med å ta del i granskingsutval fordi deltagkinga kan gi utvalet større autoritet enn prosessen tilseier. Dei same omsyna som taler for godkjenning ved deltaking i skilsdom, taler for godkjenning ved deltaking i gransking.

Professor Johan Giertsen meiner at Domstoladministrasjonen – ved å leggje til grunn at deltaking i offentlege granskingsutval og gransking av aksjeselskap «i stor grad» vil bli omfatta av alternativa 3 og 4 i § 121 c første ledd – har gjort «en vel offensiv tolking av domstolloven». Han meiner at ordlyden og lovførarbeida tyder på at granskinger berre i avgrensa grad er søknadspliktige, bortsett frå tilfelle der oppdraget kan hemme eller sinke dommarar sitt vanlige arbeid.

Vidare nemner professor Giertsen at det i Danmark har vore eit omfattande ordskifte om kor vidt dommarar bør leie granskinger. Der er det mellom anna halde fram at gransking ofte har ein politisk bakgrunn, og at dommarar som leiar av slike kan komme til å bli oppfatta som aktørar i politiske prosessar, at den dobbeltrolla som etterforskare og «dommar» som ligg i granskinger, kan føre til at ei kommisjonsinnstilling meir enn elles blir oppfatta som ein dom. Professor Giertsen nemner at ein i nokon mon må sjå desse synspunktene i lys av at mange granskinger i Danmark er utførte med berre ein granskare – ein dommar, og slik har det sjeldan vore i Noreg.

Når det gjeld spørsmålet om verv i granskingsutval generelt skal gjerast avhengig av godkjenning, uttalar professor Giertsen mellom anna:

«Dommeres medvirkning i granskinger kan gi en slik prosess større autoritet enn det reelt er dekning for. På den annen side har dommere verdifulle erfaringer. Høringsbrevet kan tyde på en kanskje for stor skepsis til dommeres deltaking. I de fleste granskinger hvor dommere har delatt, er det (trolig) gode erfaringer. Det er mulig at høringsbrevets skepsis i stor grad er motivert av noen saker som har vært mediefokusert, på bekostning av et større antall granskinger med mindre mediefokus

hvor dommeres deltakelse har vært nyttig og positiv.

En mulig absolutt grense er at en dommer i en tingrett ikke bør granske saker hvor aktørene hører hjemme i lagdømmet. Disse mulige grensene knytter seg til granskinger med et skarpt fokus på personer eller institusjoner. For granskinger hvor systemfeil er i fokus og personer i bakgrunnen, er betenkelsene med dommermedvirkning langt mindre. Dersom høringsnotatets forslag blir vedtatt, bør ikke praktiseringen bli altfor restriktiv.»

Vidare peikar professor Giertsen på at forslaget til § 121 c første ledd nr. 5 reiser spørsmål om kva for organ som skal sjåast som «granskingskommisjoner eller -utvalg». Han nemner at det typiske ved gransking gjerne er at utvalet skal klarleggje fakta og årsaksforhold knytt til ei hending (eller ein serie av hendingar), om det relevante faktumet inneber at personar eller institusjonar kan ha brote rettsreglar eller (profesjons)etiske normer, og om det er behov for endringar i regelverket. Det ligg føre eit mandat for granskinger, men elles skal ikkje utvalet bli instruert om korkje prosedyre, premisser eller konklusjon. Eit slikt sjølvstende minskar etter professoren sitt syn det tvilsame i at dommarar tar på seg gransking. Det avgjerande for rekkevidda av reglane må vere kva utvalet skal gjere, og ikkje kva for namn oppdragsgivaren har sett på granskinger. Endeleg nemner Giertsen at uttrykket «granskingskommisjoner eller – utvalg» strengt tatt ikkje dekkjer tilfelle der ein dommar er einegranskare.

Næringslivets hovedorganisasjon (NHO) meiner at praktiseringa av dei endringane som er foreslått i § 121 c, ikkje må bli til hinder eller gjere det vanskelegare for dommarar å ta del i granskingskommisjoner og utval. NHO peikar på at dommarane har faglege og personlege eigenskapar som inneber at dei treff fagleg gode avgjerdar. Folk flest har respekt for dommarar, som blir oppfatta som nøytrale og profesjonelle, og avgjerdene deira har difor autoritet og legitimitet. Under føresetnad av at det ikkje går ut over den primære oppgåva deira, vil dommarane ofte eigne seg som løysarar av tvistar også utanfor rettslokala. Samfunnet treng å få gjere seg nytte av dommarane si erfaring og posisjon, samstundes som dommarane får ei breiare innsikt i samfunnet.

Den norske Dommerforening (Dommarforeininga) peikar på at det er brei semje om at det er ynskjeleg at dommarane tek del i aktivitet utanfor domstolane, og at dette er utgangspunktet for dei reglane som vi har i dag om sidegjeremål. Høyringsinstansen meiner at reglane om godkjenning og

registrering av sidegjeremål er fullt ut tilstrekkelege til å sikre ein forsvarleg praksis, og at det er vanskeleg å sjå behov for ytterlegare restriksjonar. Det er ein grunnleggjande veikskap i dagens reglar at avgjelder frå Domstoladministrasjonen om avslag på søknad om samtykke ikkje kan påklagast.

Dommarforeininga går klårt imot ein ny regel om plikt til å søkje godkjenning for sidegjeremål som kan innebere redusert tillit til domstolane og dommarane sitt sjølvstende. Etter høyTINGSinstansens syn er det ikkje påvist eit reelt behov for ein slik regel, og det er ikkje grunn til å trekkje det aktuelle omsynet fram på den måten som ligg i lovforslaget. Forslaget inneber dessutan ein så stor grad av etisk skjønn at det etter Dommarforeinings syn blir uråd for ein dommar å vite i kva tilfelle han eller ho må søkje om godkjenning. HøyTINGSinstansen meiner også at ei slik fråsegn lett kan bli forstått og brukt slik at den blir til hinder for sidegjeremål som kunne ha styrkt den erfaringsbakgrunnen som ein dommar har nytte av i den dømmande verksemda.

Dommarforeininga går likeins imot å innføre ytterlegare restriksjonar på å ta del i granskingskommisjonar. Utgangspunktet bør vere at dommarar er ein viktig ressurs ved slikt arbeid. Til spørsmålet om granskinger etter sin art er kvalitativt gode nok prosessar, svarer høyTINGSinstansen at det ikkje under nokre omstende kan vere ei god løysing å halde dommarane sin kompetanse utanfor granskingskommisjonane.

Endeleg har same høyTINGSinstansen ikkje motsegner mot forslaget til den vesle endringa av § 121 c første ledd som er av reint språkleg art.

Asker og Bærum tingrett har slutta seg til innhaldet i høyTINGSfråsegna frå Den norske Dommerforening.

2.2.6 Departementet si vurdering

2.2.6.1 Generelt

I det følgjande drøftar departementet først spørsmålet om det er grunn til å supplere domstolloven § 121 c første ledd med ein regel om godkjenning for deltaking i granskingsverksemrd (forslaget til eit nytt nr. 5). Dernest vert drøfta om lova bør få ein allmenn regel om godkjenning for sidegjeremål som kan svekke tilliten til domstolane og dommaranes sjølvstende (forslaget til eit nytt nr. 8). HøyTINGSinstansane har ikkje kome med motsegner mot forslaget om ei språkleg endring av § 121 c første ledd nr. 6 (om skilsdom). Departementet fremjar dette siste forslaget utan ytterlegare merknader.

2.2.6.2 Granskingsverksemrd

Høyringa har vist at det kan vere noko usikkert i kva for grad granskingsverksemrd i dag krev samtykke etter domstolloven § 121 c første ledd. Same kva regelen skal gå ut på, bør innhaldet kome klart fram. Vidare er departementet samd med Domstoladministrasjonen i at det ikkje er grunn til å ha forskjellige reglar, avhengig av om dommaren skal utføre granskinga áleine eller innanfor ein kommisjon eller eit utval.

Departementet legg stor vekt på den interessa samfunnet har både av å kunne gjere seg nytte av dommarane sin kompetanse utanfor domstolane, og av at dommarane utviklar seg gjennom erfaring frå andre miljø enn domstolane. Samstundes bør ein sikra seg mot at dommarane engasjerer seg i prosessar som manglar føresetnader for at granskaranne kan gjere godt arbeid, eller som lett kan sjå uryddig ut utanfrå. Langt på veg må ein ha tillit til at dommarane kan vurdere dette på eiga hand. Men sjølv om dommarane generelt er godt skikka til å gjere slike vurderingar, skal ein ikkje sjå bort ifrå at vurderingane kan bli betre dersom dommaren må ta seg tid til å soke om godkjenning, og dermed få respons frå andre som også har gode føresetnader for å vurdere om oppdraget høver for ein dommar. Heller ikkje dommarar er upåverka av det positive som ligg i å vere ønska til eit oppdrag, kan hende med god betaling.

Departementet har kome til at det vil foreslå ein regel om plikt for dommarane til å innhente godkjenning for å ta del i gransking, sjå utkastet til domstolloven § 121 c første ledd nr. 5. Unntaket etter same fråsegna andre ledd nr. 1 for oppnemning av Kongen i statsråd eller Stortinget skal framleis gjelde, men elles skal det nye punkt nr. 5 i utgangspunktet gjelde uavhengig av kven som er oppdragsgjevar, kva for verksemrd granskinger gjeld og om dommaren skal granske áleine eller ta del i ein kommisjon eller eit utval. Føremålet med den nye regelen er at det skal bli grundig vurdert om den verksemda som granskinger gjeld, har ei såpass stor samfunnsmessig betydning at det er rimeleg at ein dommar engasjerar seg, og om rammen for oppdraget gir grunnlag for eit fagleg godt arbeid og eit ryddig inntrykk.

For gransking av offentleg verksemrd vil den samfunnsmessige betydinga som regel vere stor nok. Blant det som elles kan vurderast, er om oppdraget er rimeleg klårt avgrensa, om granskaranne skal arbeide sjølvstendig, om det er rom for ein rimeleg grad av kontradiksjon og rettstryggleik for dei som kan bli råka av kritikk, om det er tatt stilling til om granskingsrapporten skal gjerast offent-

leg, og om honoraret blir avtalt på ein rimeleg klår måte. Elles nemner departementet at det i NOU 2009: 9 Lov om offentlige undersøkelseskommisjoner er foreslått at alle offentlege granskingskomisjonar skal opprettast ved kongeleg resolusjon. Forslaget inneber at oppnemning til alle offentlege granskinger vil vere omfatta av unnataket i § 121 c andre ledd nr. 1, slik at godkjenning etter første ledd ikkje vil vere naudsynt.

Det er ikkje meiningsa at forslaget i proposisjonen her om krav om godkjenning skal verke som eit forbod mot å ta del i gransking. Ein kan såleis ikkje avslå ein søknad fordi opplegget manglar nokre at dei rettstryggleiksgarantiane som finst i twistelova, slik som til dømes ankeretten. Samstundes er det klårt at ei formulering om at prinsippa i twistelova skal leggjast til grunn så langt dei passar (eller liknande), ikkje alltid gir så mykje mening, sidan ho ikkje seier noko om kva for konsekvensar som blir trekt av at det er tale om ei gransking, og ikkje ein domstolsprosess. Dersom søknaden reiser spørsmål også i høve til § 121 c første ledd nr. 2, må naturlegvis også denne sida av saka vurderast.

Vidare er det ikkje meiningsa at den nye regelen skal endre praksis med omsyn til å delegera til domstolleiaren å avgjere søknadar om godkjenning av sidegjeremål.

Departementet viser til lovutkastet § 121 c første ledd nr. 5.

2.2.6.3 Ein generell regel om godkjenning for sidegjeremål som kan føre til svekket tillit til domstolane og dommarane sitt sjølvstende

Spørsmålet om eit sidegjeremål kan svekke tilliten til domstolane og dommarane sitt sjølvstende, sto sentralt ved utforminga at dagens § 121 c første ledd. Likevel har høyringa styrkt departementet sin skepsis til forslaget om å ta dette inn i føresegna som eit sjølvstendig punkt i opprekninga av det som krev godkjenning. Den viktigaste innvendinga er at kriteriet ville bli så vagt at dommarane ikkje ville kunne føreseie om eit sidegjeremål krev godkjenning eller vil bli godkjend. Ein viser elles til det som departementet sa i høyringsbrevet. Også på dette punktet kunne ein i prinsippet tenke seg at lovførarbeida skulle konkretisere kva føresegna skulle femne. Men då ville ho ikkje bli ei «sekkefråsegn» som kunne fange opp situasjonar som det ikkje tidlegare var tenkt på. På denne bakgrunnen fremmer ikkje departementet eit forslag tilsvarande § 121 c første ledd nr. 8 i høyringsbrevet.

2.3 Spørsmål om endring av reglane om godkjenning av sidegjeremål for dommarane i Högsterett

2.3.1 Gjeldande rett

Myndet til å godkjenne sidegjeremål for dommarar ligg i utgangspunktet hos Domstoladministrasjonen, jf. domstolloven § 121 d første ledd. Lova skil ikkje her mellom Högsterett og andre domstolar. Domstoladministrasjonen kan delegera til leiaren for den einskilde domstol å treffen avgjerd om godkjenning, jf. same fråsegna første ledd andre punktum. Der avgjerdet er tatt av leiaren for domstolen, kan ho påklagast til Domstoladministrasjonen. Det er ikkje høve til å klage over ei avgjerd fra Domstoladministrasjonen, jf. § 121 d andre ledd.

Myndet til å godkjenne sidegjeremål for leiaren for Högsterett (justitiarius) ligg hos styret for Domstoladministrasjonen.

2.3.2 Forsлага frå Högsterett

I brev 16. februar 2006 og 7. mars 2007 til departementet har leiaren for Högsterett (justitiarius) sett fram forslag om endringar i domstolloven § 121 d første og andre ledd. Forsлага går ut på å føre myndet etter § 121 d første ledd første punktum til å godkjenne sidegjeremål for dommarar i Högsterett, over frå Domstoladministrasjonen til justitiarius. Regelen i domstolloven § 121 d andre ledd om at Domstoladministrasjonens avgjærde i saker om godkjenning ikkje kan påklagast, skal etter forslaget utvidast til også å gjelde avgjærde frå leiaren for Högsterett.

I brevet 16. februar 2006 er forslaga grunnlagt mellom anna slik:

«Avgjørelsen fra justitiarius må være endelig. Er det tvil om et verv skal godkjennes, vil justitiarius naturlig drøfte spørsmålet med Høyesteretts dommere og følge den tilrådning som der gis. Dagens ordning med klage til Domstoladministrasjonen er etter vår oppfatning av prinsipielle grunner uholdbar. En eventuell overprøving og tilsidesettelse fra Domstoladministrasjonens side, ville gripe direkte inn i Høyesteretts egen vurdering av hvilke verv for en dommer som er forenlig med arbeidet i Høyesterett. Dette kan ikke være i samsvar med den selvstendige stilling Høyesterett som forfatningsorgan er forutsatt å skulle ha.»

Justitiarius har foreslått at domstolloven § 121 d første og andre ledd blir utforma slik:

«Godkjenning av dommeres sidegjøremål gis av domstoladministrasjonen. For dommere i Høyesterett godkjennes sidegjøremål av justitia-

rius. Domstoladministrasjonen kan delegere til domstollederen å treffe vedtak i saker om godkjenning.

For saker om godkjenning gjelder forvaltningslovens regler om enkeltvedtak, *likevel slik at vedtak av domstoladministrasjonen og vedtak av justitiarius i Høyesterett ikke kan påklages.»*

Vidare i brevet er det opplyst at justitiarius berre vil ta på seg sidegjøremål som det er naturleg og viktig at nettopp han eller ho har. Denne vurderinga bør etter Högsteretts syn ligge til domstolen sjølv og bli praktisert slik at justitiarius, i tilfelle med tvil, drøftar dette med Högsteretts dommarar og tar på seg verv berre når det er tilslutnad til dette. Justitiarius reknar med at det ikkje er naudsynt med ein særskilt regel om det i lova, og at den eldste dommaren må kunne treffen den formelle avgjørda etter § 121 d første ledd andre punktum i slike tilfelle.

I brevet 7. mars 2007 uttaler justitiarius mellom anna:

«Høyesterett har et gjennomarbeidet og restriktivt syn på sideverv for dommerne. Det er interne retningslinjer for hva den enkelte dommer kan påta seg. Sentrale vurderingsmønster bak retningslinjene og den enkelte avgjørelse av om et sideverv skal godkjennes, er hensynet til uavhengighet og tillit for Høyesterett og Høyesteretts dommere og hensynet til at Høyesteretts arbeid ikke må bli skadelidende. I tilstilfeller vil spørsmålet om godkjenning bli forelagt dommerne på et dommermøte. En slik avveining og avgjørelse bør, ut fra hensynet til Høyesterett som forfatningsorgan og den tillit Høyesterett må ha – og bør vises – som landets øverste og ledende domstol, med endelig virkning ligge i Høyesterett.»

I seinare brev har justitiarius understreka at Högsterett, meir enn nokon annan domstol, er avhengig av tillit i sitt arbeid. Dette krev at arbeidet der kan utførast raskt og utan konkurranse frå utanforliggjande gjeremål som kan hemme, eller gje inntrykk av å hemme, arbeidet. Dette er bakgrunnen for at Högsterett i 1997 innførte reglar om registrering av sidegjøremål og rett til innsyn i dette registeret. Krav til godkjenning har vært praktisert i fleire tiår. Omsynet til tillit, medrekna rask og god saksavvikling, er også bakgrunnen for den vesentlege nedtrappinga av sideverv som har skjedd i Högsterett. Vidare seier justitiarius mellom anna (brev 23. mai 2007 til Justisdepartementet):

«Den reelle forskjellen mellom dagens regler og den regel som nå er foreslått herfra, er om

Domstoladministrasjonen skal ha adgang til å godkjenne et sideverv, eventuelt etter klage, etter at man her i Høyesterett ikke har villet godkjenne vervet fordi det kan komme i konflikt med hensynet til den tillit Høyesterett må ha. At Høyesterett skulle måtte akseptere sideverv for en dommer som man mener kommer i strid med fundamentale hensyn til tillit, er ikke forenlig med den selvstendige stilling Høyesterett skal ha som forfatningsorgan.

Det fremgår klart av forarbeidene til domstolloven at hensynet til ensartet praksis sto sentralt ved utforming av reglene for godkjenning av sidegjøremål, og at det av hensyn til den enkelte dommer er viktig at vurderingen er lik i hele landet. Det er ingen uenighet om at hensynet til likebehandling tilsier at det skal foreligge klagerett til Domstoladministrasjonen fra dommere i tingrettene og lagmannsretten. Men forholdet er, som påpekt, at tillithensynet tilsier at terskelen for å påta seg sidegjøremål, må være høyere for dommerne i Høyesterett. Vurderingen skal ikke være lik vurderingen for dommere i de lavere domstoler.»

2.3.3 Departementet sitt syn før høyringa

I høyringsbrevet sa departementet seg samd i at det, ut frå Högsteretts posisjon som øvste domstol, er diskutabelt om Domstoladministrasjonen skal ha mynde i spørsmål om godkjenning av sidegjøremål for högsterettsdommarar, og uttalte mellom anna:

«Det hensynet til likebehandling av sammenliknbare søknader som departementet pekte på i Ot.prp. nr. 44 (2000-2001), har begrenset vekt for Høyesterett, som er en domstol med 19 dommere. Det foreligger imidlertid også enkelte hensyn som kan tale for å beholde dagens ordning. For det første kan hensynet til den enkelte dommer i Høyesterett tilsa at det bør være adgang til å få et spørsmål om godkjenning vurdert av en instans utenfor Høyesterett. For det annet vil spørsmål om godkjenning av sidegjøremål for dommere i Høyesterett – dersom primærkompetansen legges til justitiarius i Høyesterett, uten mulighet til klage til eksterne organer – få et mer internt preg, med tilhørende svekket mulighet for debatt og åpenhet. Også andre enn dommerne i Høyesterett kan ha velfunderte synspunkter på spørsmål om godkjenning av sidegjøremål, og det bør tilstrebdes en ordning som sikrer at praksis kan bli gjenstand for offentlig debatt. Endelig nevnes at Domstoladministrasjonens myndighet etter dagens ordning gjelder et administrativt forhold, og således ikke innebærer noen overprø-

ving av, eller innflytelse på, Høyesteretts dømende funksjon. Hensynet til tilliten til Høyesterett står for øvrig ikke i veien for at domstolen i mange andre relasjoner er underlagt administrative organers myndighet.»

Det forslaget til endring av § 121 d blei send på høyring, var som følgjer:

«Godkjenning av dommeres sidegjøremål gis av domstoladministrasjonen. Domstoladministrasjonen kan delegera til domstollederen å treffe vedtak i saker om godkjenning. *For dommere i Høyesterett godkjennes sidegjøremål av justitiarius.*

For saker om godkjenning gjelder forvaltningslovens regler om enkeltvedtak, *likevel slik at vedtak av domstoladministrasjonen og vedtak av justitiarius i Høyesterett ikke kan påkla ges.»*

2.3.4 Høyringsinstansane sitt syn

Eit klårt fleirtal av dei høyringsinstansane som har uttalt seg, støttar forslaget om at det skal vere justitiarius for Högsterett som etter lova avgjer søknader om godkjenning av sidegjøremål for dommarane der, og at avgjerdene derfrå skal vere endelige.

Högsterett peikar på at den reelle skilnaden mellom dagens reglar og forslaga er at ordninga med at det ikkje er høve til å klage over vedtak frå Domstoladministrasjonen, blir utvida til også å gjelde vedtak frå justitiarius i Högsterett. Om det kan vere aktuelt å avslå ein søknad om sideverv, vil spørsmålet bli lagt fram for dommarane i Högsterett på eit dommarmøte. Konklusjonen frå møtet vil bli lagt til grunn for avgjerd. Ein negativ konklusjon vil vere grunna i at vernet ikkje let seg sameine anten med arbeidet i domstolen, av di det vil verke negativt for saksavviklinga mv., eller med omsynet til tilliten til Högsterett og dommarane der.

Det sentrale spørsmålet i lovsaka er om Domstoladministrasjonen skal kunne tvinge Högsterett til å akseptere eit sideverv for ein dommar i en situasjon der domstolen sjølv ser det slik at sidevervet vil gå ut over arbeidet i domstolen eller ha negativ effekt for den tilliten som domstolen og dommarane der er avhengige av. I tilfeller der domstolen av arbeidsmessige omsyn ikkje samtykker til eit sideverv, vil ei overprøving av domstolen si avgjerd etter høyringsinstansen sitt syn kunne gripe direkte inn i den dømmande verksemda, det vil seie i avviklinga og gjennomføringa av den.

Praksis for kva ein dommar kan ta på seg av sideverv må etter høyringsinstansen sitt syn vere ein annen for dommarane i Högsterett enn for

andre dommarar. Tunge samfunnsmessige omsyn kan tilseie at nettopp ein dommar i Högsterett tar på seg spesielle sideverv, også om vernet er krevjande. Domstolen nemner enkelte døme på at högsterettsdommarar har tatt på seg sideverv som leiar for utval og leiar for styret for Domstoladministrasjonen. Oppnemninga var i desse sakene ikkje avhengig av eit formelt samtykke, men det er etter Högsteretts syn ikkje tvil om at domstolen sin tilslutnad var avgjerande for oppnemninga. Men ein lyt vege samfunnsmessige omsyn mot andre viktige omsyn, mellom anna omsynet til saksavviklinga og til at sideverv ikkje må gå ut over tilliten til domstolen og dommarane. Det sistnemnde omsynet veg særleg tungt for Högsterett. Högsterett har difor ført ein meir restriktiv praksis for godkjenning av sidegjøremål enn tilfellet har vore ved andre domstolar.

I høyringsfråsegna blir det vidare opplyst at forslaga til endring av domstollova § 121 d var forankra i ei samrøystes oppfatning i eit dommarmøte. Det blir opplyst at dommarane i domstolen ser på høvet til å kunne klage som mindre viktig enn dei nemnde omsyna til arbeidet i Högsterett og tilliten til domstolen. Högsterett meiner at vi bør ha ei ordning som sikrar at praksis kan bli gjenstand for offentleg ordskifte, og opplyser at domstolen hadde reglar om registrering og godkjenning lenge før slike ordningar blei innførte for alle dommarar. Opplysningane om sideverva til den enkilde dommar har vore tilgjengelege for alle. Høyringsinstansen opplyser vidare at praksis i domstolen ved fleire høve har vore omtalt i media, også etter initiativ frå domstolen sjølv.

Endeleg nemner Högsterett at det, som følgje av domstolen si stilling som eit forfatningsorgan, er etablert særordningar for domstolen i viktige administrative spørsmål, mellom anna ved at Högsterett har sitt eige kapittel i statsbudsjettet og at lønna til dommarane der blir fastsett av Stortinget etter innstilling frå presidentskapet.

Leieren for Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker sluttar seg til forslaget om at justitiarius i Högsterett skal godkjenne sidegjøremål for dommarane der. Høyringsinstansen forstår argumenta for at Domstoladministrasjonen skal treffe avgjerd, men meiner jamvel at Högsteretts posisjon som øvste domstol taler for at avgjerd skal treffast av justitiarius med endeleg verknad. Det avgjerande for vurderinga er at ei eventuell overprøving og tilsidesetjing frå Domstoladministrasjonens side vil gripe direkte inn i Högsteretts eiga vurdering av kva for verv som let seg sameine med arbeidet i Högsterett. Til samanlikning nemner leiren for Kommisjonen at om det i ei sak for Högste-

rett på førehand blir reist spørsmål om habiliteten for ein dommar, kan det setjast rett for å avgjere habilitetsspørsmålet. Avgjerda frå Högsterett er endeleg, og kan sjølvsagt ikkje pålagast eller bringast inn for Domstoladministrasjonen. Sjølv om det må skiljast mellom domstolen si dømmande verksemd og forvaltningsverksemd, taler viktige grunnar for same løysing ved vurdering av sidegjeremål.

Den norske Dommerforening har ikkje merknader til forslaga til endring for dommarane i Högsterett, korkje til å overføre mynde til justitiarius for domstolen eller til å gjere unnatak frå klageretten. *Asker og Bærum tingrett* har sluttar seg til same syn.

Den Norske Advokatforening (Advokatforeininga) støttar forslaga til endring av domstollova § 121 d. HøyTINGSinstansen meiner at Högsterett ikkje kan vurderast på line med andre domstolar når det gjeld forhold som kan ha ei side til domstolen sitt sjølvstende, autoriteten som forfatningsorgan og verkemåten. HøyTINGSinstansen meiner at det må vere ein føresetnad for at Högsterett skal kunne utøve sine oppgåver, at domstolen sjølv kan leggje opp sitt eige arbeid og vere uavhengig av andre offentlige styringsorgan i spørsmål som kan verke inn på domstolens disponering av ressursar, sjølvstende og funksjonsevne. Ved vurderinga av om det er behov for ei klageordning, må ein etter foreininga sitt syn ta omsyn til at embetet som högsterettsdommar stiller andre krav enn andre dommarstillingar, og at Högsterett med sine dommarmøte har utvikla ein kollegial rådslagingsform med hove for den einskilde dommar til å gi uttrykk for sitt syn. Ei ordning med at justitiarius i Högsterett med endeleg verknad skal avgjere søknader om sidegjeremål for dommarane der, står ikkje i vegen for ein open debatt om den praksis som blir følgd.

Også *Forsvarergruppen av 1977* støttar forslaga om endring av domstollova § 121 d. Etter foreininga sitt syn inneber gjeldande system ei prinsipielt uheldig overstyring av Högsterett. Omsyna til openheit og offentleg ordskifte bør etter høyTINGSinstansen sitt syn vike for omsyna til at Högsterett sjølv bør forvalte sitt eige sjølvstende og fordele arbeidsmengda blant dommarane der. Det er fullt mogleg å innføre ei ordning der Högsterett gjer offentleg saker til handsaming og dei omsyna som er tatt ved avgjerda. Den einskilde dommar i Högsterett vil ikkje vere forhindra frå å debattere domstolen sin praksis offentleg.

Professor Johan Giertsen meiner at det er justitiarius i Högsterett som med endeleg verknad bør avgjere søknader om godkjenning av sidegjeremål frå dommarar i Högsterett.

Borgarting lagmannsrett ser ikkje at det er grunn til å endre domstollova § 121 d, og viser til dei omsyna som er nemnde i høyTINGSbrevet for å halde fram med dagens ordning. HøyTINGSinstansen meiner at det vil vere uheldig om det utviklar seg eit anna sidegjeremålsregime i Högsterett enn i dei andre domstolane. Domstolen ser ikkje bort ifrå at eit slikt regime vil kunne påverke spørsmålet om godkjenning av søknader frå dommarar i tingrettane og lagmannsrettane.

Domstoladministrasjonen viser til tidlegare fråsegner om forslaga til endring av domstollova § 121 d. Der nemner høyTINGSinstansen at det ikkje blei gjort ei særskild vurdering av Högsterett da Domstoladministrasjonen og systemet med godkjenning av sidegjeremål blei oppretta, og at ein bør sjå endringsforsлага i samband med dei negative sidene ved å ha eit system som blir lukka andsynes andre ved at ei verksemd eller ein institusjon styrer seg sjølv. Under førebuingane til opprettinga av Domstoladministrasjonen blei ei alternativ løysing med ein administrasjon styrt direkte av domstolane, forkasta, under tilvising mellom anna til ulempe ved eit lukka system. Forsлага til endring av domstollova § 121 d krev etter Domstoladministrasjonen sitt syn ei breiare og meir prinsipiell utgreining. HøyTINGSinstansen viser til at Domstoladministrasjonens posisjon som ein uavhengig administrator av domstolane omfattar også Högsterett i ei sak av denne karakter, og til at forslaget om at vedtak frå justitiarius ikkje skal kunne pålagast, vil gi ei anna ordning for Högsterett enn det dei andre domstolane og deira dommarar har. Slik saka ligg føre i dag, er Domstoladministrasjonen skeptisk til forslaga.

2.3.5 Departementet si vurdering

Alt under førebuinga av dagens reglar ga Högsterett uttrykk for at myndet til å godkjenne sidegjeremål for dommarane der, bør ligge til justitiarius. Proposisjonen inneheld likevel ikkje ei drøfting av dette spørsmålet. Departementet kjenner ikkje til døme på at avgjerder om sidegjeremål i Högsterett er klaga inn for Domstoladministrasjonen, slik lova i dag opnar for.

Dommarane i Högsterett står i ei særstilling samanlikna med dommarane i dei andre domstolane. Som nemnd i høyTINGSbrevet, veg omsynet til sams praksis som i andre domstolar difor ikkje så tungt. Dette kan tale for den løysinga som Högsterett sjølv har gått inn for. Men ein må også sjå på andre sider av saka. For det første er det naturleg å spørje kven av dei to instansane – Høyesterett eller Domstoladministrasjonen – som har dei beste føre-

setnadane for å vurdere verknadane av at ein dommar tek på seg eit sidegjeremål. Vidare er det nærliggjande å spørje kva for ei løysing som legg best til rette for openheit og offentleg ordskifte rundt spørsmål om godkjenning, og til slutt kva omsynet til den einskilde dommar i Högsterett tilseier.

Ved handsaming av søknadar om godkjenning av sidegjeremål må det vurderast om oppdraget kan føre til at det ordinære dommararbeidet kan bli hemma eller forseinka. Denne vurderinga er det utan tvil Högsterett som har best grunnlag for å gjere. Dei andre sidene av vurderinga – som i stor grad gjelde sjølvstende, tillit og kompetanseutvikling – er det vanskelegare å seie noko sikkert om. Med Högsteretts framifrå faglege kvalifikasjonar, utkikkspunkt og erfaringar, ligg det nær å peike på domstolen. Men spørsmålet om kva for verknader det har for sjølvstende, tillit og kompetanse at ein dommar utførar eit sidegjeremål (eventuelt avstår frå gjeremålet), er i liten grad av juridisk art. Strengt tatt er det vel bare systematiske undersøkingar av sosiologisk art som kan gi svar på dette. Både Högsterett og Domstoladministrasjonen kan ha sine meningar, men ingen av dei sit med fasiten om dette.

Ordninga med registrering av sidegjeremål sikrar at allmenna kan bli informert om dei sidegjeremåla som er godkjend. Men spørsmålet om dommarane har sidegjeremål som dei ikkje burde hatt, er ikkje det einaste gyldige og relevante. Ein bør også kunne diskutere om dommarane bør ha *fleire* sidegjeremål enn det som faktisk blir tillete. I eit slikt perspektiv kan det være av verdi at godkjenningssystemet blir organisert på ein måte som inneber at allmenna får kjennskap også til tilfeller der godkjenning blir nekta. Det ligg nær å tru at sjansen for dette er størst om siste ord i spørsmål om godkjenning blir liggjande utanfor domstolen sjølv, mellom anna fordi det ofte ligg nærare å avklare eit spørsmål munnleg internt i eit organ enn om kontakten skal krysse organisatoriske grenser. For at dette skal ha praktisk betydning, er ein på den andre sida avhengig av at dommarane i Högsterett faktisk vil bruke klageretten.

I utgangspunktet ligg det nær å rekne det som ein fordel for den einskilde dommar i Högsterett at det er hove til å klage ei avgjerd om sidegjeremål til eit eksternt organ. Kor stor verdi dette har i praksis, er usikkert. Departementet har merka seg at Dommerforeininga ikkje har tatt til orde for at klageretten skal førast vidare.

Slik departementet ser det, finst det viktige argument både for og imot dei forslaga som justitiarius i Högsterett har kome med. Ut frå det saka gjeld, har departementet kome til at det er naturleg

å legge avgjerande vekt på den breie støtta som forslaga har fått under høyringa. Ein viser til domstollova § 121 d i lovutkastet.

3 Krav til karakterar for dommarar, riksadvokat mv.

3.1 Innleiing

Lovgjevinga krev at innehavaren av enkelte stillinger må ha juridisk embetseksamen. For nokre av desse stillingane er det også krav om eksamenskarakterar over eit visst nivå. Det følgjer av domstolloven § 54 at dommarane i Högsterett, førstelagmenn og lagmenn må ha «juridisk embetseksamen med beste karakter». Det same gjeld riksadvokaten, jf. straffeprosessloven § 56. Lagdommarar, dommarar i tingretten og dommarfullmektigar må ha «juridisk embetseksamen med beste eller næstbeste karakter», jf. domstolloven § 54 andre og tredje ledd.

I løpet av dei siste åra er namnet på dei ulike gradene ved universiteta endra, slik at juridisk embetseksamen er avløyst av graden master i rettsvitenskap. Vidare er karaktersystemet ved dei juridiske fakulteta endra frå talkarakterar til det systemet som nå kjem til uttrykk i universitets- og høgskoleloven (lov 1. april 2005 nr. 15). Etter universitets- og høgskoleloven § 3-9 sjette ledd skal «[v]urderingsuttrykket ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering være bestått/ikke bestått eller en gradert skala med fem trinn fra A til E for bestått og F for ikke bestått». Endringane, som mellom anna inneber at kandidatane ikkje lenger får ein gjennomsnitts- eller hovudkarakter, reiser spørsmål om kva som nå skal liggje i krava om «beste» eller «næstbeste» karakter.

3.2 Gjeldanderett

Domstolloven § 55 andre ledd slår fast at det til dommarar

«bør utnevnes personer som tilfredsstiller høye krav til faglige kvalifikasjoner og personlige egenskaper. Dommere til Høyesterett, lagmannsrettene og tingrettene bør rekrutteres blant jurister med forskjellig yrkesbakgrunn.»

Vidare stiller domstolloven altså særskilde krav til eksamenskarakterane. Etter § 54 første ledd skal høgsterettsdommarar, førstelagmenn og lagmenn ha juridisk embetseksamen med «beste karakter». Det same gjeld for riksadvokaten, jf.

straffeprosessloven § 56. Lagdommarar, tingrettsdommarar og dommerfullmektigar skal etter domstolloven § 54 andre og tredje ledd ha juridisk embetseksamen med «beste eller næstbeste karakter». Lova har vært tolka slik at beste karakter er sams med det som var «laud» (karakteren 2,75 eller betre), og nest beste karakter med det som var «haud» (alle ståkarakterar därlegare enn 2,75).

Etter at karaktersystemet blei endra til å angi bokstavkarakterar, kan det vere tvil om korleis karakterkrava skal tolkast. Ordlyden kan tale for ein med «beste karakter» må forstå karakteren A, og med «næstbeste karakter» karakteren B. Fordi karakteren A ikkje femner om alt det som låg i «laud», er det likevel ikkje ei uproblematisk tolking. I dag dekkjer karakterane A og B *til saman* omrent det som tidligare var «laud.

3.3 Utenlandsk rett

Ut over kravet om juridisk embetseksamen, stiller ikkje dansk eller svensk rett krav til særskilde eksamensresultat for å kunne utnemnast som dommar.

I *Danmark* gir rettsplejeloven § 43 følgjande regel:

«Besættelsen af dommerstillinger skal ske ud fra en samlet vurdering af ansøgernes kvalifikationer til den pågældende stilling. Der skal her ved lægges afgørende vægt på ansøgernes juridiske og personlige kvalifikationer. Også bredden i ansøgernes juridiske erfaringsgrundlag skal tillægges vægt, ligesom det skal indgå i vurderingen, at der ved domstolene bør være dommere med forskellig juridisk erhvervsbaggrund.»

I § 42 stiller den danske lova krav om juridisk embetseksamen.

Sverige har et system for dommarrekrytting som på vesentlege punkter skil seg frå det norske. Som nemnt er det heller ikkje der lovlista noko krav om at den som skal bli dommar må ha oppnådd eit visst karakternivå i si juridiske utdanning (ut over bestått kandidateksamén).

Vidare nemner departementet at det i *internasjonale domstolar* er stilt krav til dommarane sine kvalifikasjonar. EMK artikkel 21 nr. 1 stiller følgjande krav til dommarane i Den europeiske menneskerettsdomstolen:

«Dommerne skal ha høy moralsk karakter og må enten sitte inne med de kvalifikasjonar som kreves for å bli utnevnt til høye juridiske embe-

ter, eller være rettskyndige personer med anerkjent kompetanse.»

I statuttane til Haag-domstolen (International Court of Justice) artikkel 2 heiter det:

«The Court shall be composed of a body of independent judges, elected regardless of their nationality from among persons of high moral character, who possess the qualifications required in their respective countries for appointment to the highest judicial offices, or are jurisconsults of recognized competence in international law.»

Artikkel 36 i statuttane til den internasjonale straffedomstolen (International Criminal Court, ICC) inneheld krav til dommarane der. Artikkel 36 nr. 3 seier:

«3. (a) The judges shall be chosen from among persons of high moral character, impartiality and integrity who possess the qualifications required in their respective States for appointment to the highest judicial offices.

(b) Every candidate for election to the Court shall:

(i) Have established competence in criminal law and procedure, and the necessary relevant experience, whether as judge, prosecutor, advocate or in other similar capacity, in criminal proceedings; or

(ii) Have established competence in relevant areas of international law such as international humanitarian law and the law of human rights, and extensive experience in a professional legal capacity which is of relevance to the judicial work of the Court;

(c) Every candidate for election to the Court shall have an excellent knowledge of and be fluent in at least one of the working languages of the Court.»

3.4 Høyringa

3.4.1 Høyringsbrevet

I brev 6. november 2002 sende departementet på høyring forslag om lovendringar som følge av nytt karaktersystem. Forslaget der går ut på at domstolloven § 54 og straffeprosessloven § 56 ikkje lenger skal innehelde krav til eksamenskarakter (berre til alder og til juridisk embetseksamen). For det tilfellet at nokre av karakterkrava skal førast vidare, spurde departementet vidare om desse i så fall bør gjevast i forskrift. Høyringsfristen blei satt til 1. mars 2003. Høyringsbrevet blei send til:

Universitetet i Oslo

Universitetet i Bergen

Universitetet i Tromsø

Utdannings- og forskingsdepartementet
 Högsterett
 Lagmannsrettane
 Domstolane i førsteinstans
 Riksadvokaten
 Regjeringsadvokaten
 Generaladvokaten
 Den norske Dommerforening
 Norges Juristforbund
 Den Norske Advokatforening

Den 22. januar 2003 sende departementet eit brev til ytterlegare seks adressatar, med tilvising til at dei lovendringane som var foreslått, reelt sett ville få verknader for fleire enn dommarar, dommarfullmektigar og riksadvokat (sjá punkt 3.5). Departementet gjorde merksam på høyningsfristen 1. mars same år, og bad om ei melding dersom adressaten ville kome med ei fråsegn seinare. Dette brevet blei send til:

Finansdepartementet
 Landbruksdepartementet
 Sosialdepartementet
 Sivilombodsmannen
 Trygderetten
 Verdipapirsentralen

Følgjande svarte at dei ikkje har eller vil gi merknader:

Finansdepartementet
 Sosialdepartementet
 Högsterett
 Oslo skifterett og byrkivarembete
 Solør tingrett
 Trygderetten

3.4.2 *Høyningsinstansane sitt syn. Forslag fra Domstoladministasjonen*

Dei fleste høyningsinstansane som har uttalt seg, støttar forslaget om å fjerne karakterkrava.

Borgarting lagmannsrett meiner at karakterkrava er ein anakronisme, og bør opphevest. Domstolen viser til at det ved utnemning av dommarar alltid er naudsynt å vurdere om søkerane sine juridiske kvalifikasjoner er gode nok. Borgarting lagmannsrett meiner vidare at det ikkje er grunn til å ha to ulike aldersgrenser for dommarar, og går inn for at domstolloven § 54 første og andre ledd blir slått saman til ei generell føresegn med 30 års aldersgrense og krav til juridisk embetseksamen («embetseksamen» berre om omgrepene blir oppretthaldt).

Senja tingrett meiner det er tilstrekkeleg at lova krev at den som skal fylle ei av dei aktuelle stillin-

gane, har juridisk embetseksamen. Høyningsinstansen har også einskilde merknader av meir loveteknisk karakter.

Hadeland og Land tingrett er samd i forslaga i høyningsbrevet, og meiner at det av prinsipielle og praktiske grunnar er på tide å oppheve kravet om beste og nestbeste karakter. Det må etter domstolen sitt syn vere tilstrekkelig med eit lovbestemt krav om at alle dommarar skal ha juridisk embetseksamen. Vidare har Hadeland og Land tingrett nokre merknader til aldersgrensene for å bli dommarar.

Riksadvokaten har ikkje negative merknader til innhaldet i endringsforsлага, men nemner at kravet om «beste karakter» nok har hatt verknad først og fremst som ei retningsline for skjønnsutøvinga. Også i valet mellom søkerar med laud, har dagens føresegner vært eit argument for at det skal leggjast vekt på kor god karakter den einskilde søker har. Riksadvokaten tilrår at det blir sagt i lovforarbeida at det framleis bør leggjast til grunn at dei aktuelle stillingane krev så gode faglege kvalifikasjoner at karakteren må få vekt.

Regjeringsadvokaten meiner at slik dei nye karakterane blir praktiserte, er det vanskeleg å ha eit karakterkrav i lova. På denne bakgrunnen er han samd i at kravet berre bør referere seg til at juridisk embetseksamen er bestått.

Universitetet i Bergen er samd i at karakterkravet bør fjernast, og uttaler:

«Det juridiske fakultet mener at domstolloven § 5[4] og straffeprosessloven § 56 samt eventuelt andre bestemmelser som stiller tilsvarende krav til formell utdanning, bør endres slik at det bare kreves at innehaveren av de aktuelle stillinger har juridisk utdannelse gjennom et universitetsstudium. Som det fremgår av oversendelsesbrevet fra kollegiet, er ikke begrepsbruken i departementets høyningsbrev i samsvar med dagens terminologi. I dag tildeles ikke de ferdige kandidater graden «juridisk embetseksam», men får tittelen «cand jur». De aktuelle bestemmelsene må derfor avspeile de titler som universitetene benytter. Når den nye studieordningen trer i kraft, blir tittelen «master i rettsvitenskap». I fremtiden vil det derfor finnes personer som kan være aktuelle for de nevnte stillinger som enten har juridisk embetseksam, cand.jur-eksamen eller har master i rettsvitenskap. De aktuelle bestemmelsene må derfor avspeile de titlene som universitetene benytter. Selv om de to førstnevnte titler etter hvert vil forsvinne, vil det i lang tid være personer med alle tre typer vitnemål som kan tenkes å søke. De aktuelle bestemmelser bør derfor nevne alle tre gradene.»

Det juridiske faktultet vil fraråde at det benyttes konkrete karakterkrav for tilsetting i bestemte stillinger. Når den nye studieordningen trer i kraft, vil ikke kandidatene få noen hovedkarakter, og et særlig karakterkrav vil da vanskelig kunne gjennomføres. Som departementet fremhever i sitt høringsbrev, er det neppe realistisk å tilsette kandidater med svake karakterer som for eksempel riksadvokat, høyesterettsdommer etc. Det vil trolig være opp til tilsettingsmyndigheten å fastsette kvalifikasjonskrav. Det er ikke lenger mulig, og trolig heller ikke ønskelig å lovfeste kvalifikasjonskrav i form av et karakterkrav. Dersom en skulle finne behov for å oppstille visse minstekrav for tilsetting i visse stillinger, antar en at dette kan skje gjennom en intern instruks til tilsettingsmyndighetene.»

Også *Universitetet i Oslo* har nemnt at juridisk embeteksamen går over til å heite «master i rettsvitenskap». HøyTINGSinstansen er elles samd i forslaga til lovendringar. Når det gjeld kravet om beste karakter for høyesterettsdommarar mv., understrekar Universitetet i Oslo at det berre er tale om ei lovteknisk justering på grunn av endringane i karakterskalaen. HøyTINGSinstansen legg til grunn at det framleis er personar med juridiske kvalifikasjonar ut over bestått juridisk embeteksamen som skal ha desse stillingane, og meiner at dette bør presiserast i føre arbeida.

Vidare står også *Utdannings- og forskingsdepartementet* (nå Kunnskapsdepartementet), *Nordhordland tingrett*, *Trondheim byfogdebete*, *Den Norske Advokatforening*, forslaga i høringsbrevet.

Landbruksdepartementet nemner at det ikkje ser problem for ankenemnda etter naturskadeloven om domstolloven blir endra. HøyTINGSinstansen har inga særskilt oppfatning av om karakterkravet i § 54 bør endrast.

Nokre høyTINGSinstanser er meir avventande eller kritisk til forslaga.

Generaladvokaten er samd i at karakterkrava i domstolloven § 54 og straffeprosessloven § 56 ikkje er lette å bruke med det nye karaktersystemet. Han har ikkje sterke synspunkt på om det framleis bør vere slike krav, men viser til at ein finn krav om særskild kompetanse for somme stillingar av stor samfunnsmessig vekt også i nyare europeisk lovgjeving. HøyTINGSinstansen viser til EMK artikkel 21 om krav til dommarane ved Den europeiske menneskerettsdomstolen og i artikkel 36 i statuttane for den internasjonale straffedomstolen (ICC), og meiner at dette kan gje grunn til refleksjon også om norsk lovgjeving. Vidare nemner Generaladvokaten at dei juridiske fakulteta (i februar 2003) ikkje er ferdige med omlegginga av

karakterskala og studieordning, og at det kan vere grunn til å vente med ei lovendring til dette arbeidet er ferdig.

Også *Drammen tingrett* peikar på andre løysingar enn høyTINGSforslaget, og uttaler:

«Alternativet til den løsningen departementet foreslår er å stille skjønnsmessige kvalifikasjonskrav for å markere at det kreves noe meir i faglig henseende enn bestått eksamen. Det kan oppnås ved at det kreves «juridisk embetseksamen med god karakter». Jeg antar en slik løsning er å foretrekke. Den gir ansettelsesmyndigheten og omverdenen et signal, men ikke særlig mer.

Hvis det etableres et skjønnsmessig kvalifikasjonskrav, bør det antakelig gjøres gjeldende for alle dommere, muligens unntatt dommerfullmektiger, og riksadvokaten.»

Stavanger byfogdebete meiner at domstolloven § 54 og straffeprosessloven § 56 bør endrast slik at lova krev juridisk embeteksamen, samstundes med at det blir gitt ein heimel til å fastsette «nærmere karakterskala ved forskrift.» Domstolen meiner at det bør vere faglege kvalifikasjonskrav, det vil seie krav til eksamenskarakterar og praksis etter eksamen, for alle dommarstillingar og riksadvokaten. HøyTINGSinstansen seier vidare mellom anna:

«En av hovedmålsetningene for domstolene er å utføre et arbeid som har meget høy faglig kvalitet. Det er også innarbeidet i domstolenes virksomhetsplaner. At loven og eventuelt forskrift til loven oppstiller krav til gode kvalifikasjoner har en symbolverdi som korresponderer med krav til høy faglig. Kvalifikasjonskrav i form av gode eksamenskarakterer kan også bidra til å hindre utnevnelse av personer med mindre gode kvalifikasjoner i perioder med liten søkerinteresse.»

Stavanger byfogdebete meiner at det bør vere krav til laud for alle dommarembete, dommarfullmektigstillingar og til riksadvokatembetet, og viser mellom anna til erfaring for at dårlegare eksamenskarakterar indikerar dårleg arbeid også seinare. HøyTINGSinstansen meiner at det bør utformast eit karakterkrav som ligg nær opp mot A, og at det bør vere sams krav for alle dommarstillingar.

Etter at høyringa var avslutta har *Domstoladministrasjonen*, i eit brev 5. mai 2003 til departementet, tatt opp problemet med tilhøvet mellom karakterkrava i domstolloven § 54 og den nye karakterskalaen. Domstoladministrasjonen meiner at kravet til «beste eller næstbeste karakter» bør erstattast med krav til bestått juridisk embeteksamen. Kravet til «beste karakter» bør etter Domsto-

ladministrasjonens syn bli ståande, men at det blir avklart kva som ligg i kravet under ny karakterskala. Domstoladministrasjonen har òg peika på problemet med at det ikkje lenger gis ein samla karakter for heile studiet, og meiner at det beste vil vere å regne ut eit gjennomsnitt.

3.5 Konsekvensar av eventuelle endringar for andre stillingar

Proposisjonen gjeld krav til eksamenskarakterar for den som skal utnemnast til dommar eller riksadvokat, eller tilsettast som dommarfullmektig. Fordi det elles i lovverket finst ei rekke føresegner om at innehavaren av særskilt nemnde stillingar eller verv må oppfylle vilkåra for å være til dømes høgsteretsdommar, vil verknaden av eventuelle endringar likevel strekkje seg lenger enn til dommarar, riksadvokat og dommarfullmektigar. Lista over dei stillingane og verva som blir råka på dette viset spenner over mange områder, og blir lett for elda på grunn av regelendringar som ikkje først og fremst har utgangspunkt i nye vurderingar om kvalifikasjonskrav. Følgjande liste gir likevel eit inntrykk av rekkevidda.

Dei same krava som gjeld for å bli utnemnd til *dommar i Høgsterett*, gjeld også for:

- Arbeidsrettens leiar og nestleiar, jf. arbeids-
tvistloven § 10.
- To medlemmar av Noregs Krigsskaderåd og
eitt medlem av arbeidsutvalet, jf. lov om Norges
Krigsskaderåd § 2.
- Sivilombodsmannen, jf. ombudsmannsloven § 1.
- Leiaren, nestleiaren og minst eit anna medlem
av Trygderetten, jf. trygderetsloven § 3.
- Leiaren for kontrollutvalet for kommunika-
sjonskontroll, jf. straffeprosessloven § 216 h.
- Leiaren, nestleiaren og den som trer i staden
for dei i ankenemnda for naturskadar, jf. natur-
skadeloven § 18.
- Formannen i undersøkingskommisjon ved al-
vorleg ulykke i forbindelse med petroleums-
verksemd, jf. petroleumsloven § 10-10.
- Leiaren for kontrollutvalet for tiltak mot kvit-
vasking av utbytte frå straffbare handlingar, jf.
hvitvaskingsloven § 31.
- Det medlemmet og varamedlemmet som sta-
ten nemner opp i kontrollkomiteen, jf. finn-
marksloven § 16.
- Leiaren for Finnmarkskommisjonen, jf. finn-
marksloven § 29.
- Leiaren, nestleiaren, eit av dei andre medlem-
ma og eit varamedlem for desse i utmarksdom-
stolen for Finnmark, jf. finnmarksloven § 36.

- Leiaren og eit av dei to uavhengige medlemma
i nemnda som behandlar klager og særlege
tvistar etter forskrift til helseforetaksloven om
dei tilsette sin rett til representasjon i regionale
helseforetak og styrer for helseforetak, jf.
forskrift 15. november 2002 nr. 1287: Forskrift til
helseforetakslovens bestemmelser om de an-
sattes rett til representasjon i regionale helse-
foretaks og helseforetaks styrer § 16.
- Leiaren og eit av dei to uavhengige medlemma
i nemnda som behandlar søknadar om unntak
og tvistar etter forskrift om dei tilsette sin styre-
representasjon i aksjeselskap og allmennsak-
sjeselskap, jf. forskrift 18. desember 1998 nr.
1205: Forskrift om ansattes rett til represen-
tasjon i aksjeselskapers og allmennaksjesels-
kapers styre og bedriftsforsamling mv. § 40.
- Leiaren og eit av dei to uavhengige medlemma
i nemnda som behandlar søknadar om unntak
og tvistar etter forskrift om dei tilsatte sin rett til
representasjon i styre for og bedriftsforsamling
i statsforetak, jf. forskrift 20. desember 1991 nr.
838: Forskrift til statsforetakslovens bestem-
melser om de ansattes rett til representasjon i
statsforetaks styre og bedriftsforsamling mv.
§ 38.
- Leiaren og eit av dei uavhengige medlemma i
bedriftsdemokratinemnda, jf. forskrift 13. de-
sember 1985 nr. 2096: Forskrift til selskaps-
lovens bestemmelser om de ansattes rett til
representasjon i styringsorganene § 24.
- Leiaren og nestleiaren i Børsklagenemnda, jf.
forskrift 29. juni 2007 nr. 875: Forskrift om
regulerte markeder (børsforskriften) § 36.

Dei same krava som gjeld for å bli utnemnd til *lag-
dommar*, gjeld også for:

- Leiaren og nestleiaren i nasjonal klagenemnd
for opptak gjennom Samordna opptak, jf. for-
skrift 31. januar 2007 nr. 173: Forskrift om opp-
tak til universiteter og høyskoler § 8-2.
- Leiaren og nestleiaren i felles klagenemnd, jf.
forskrift 10. oktober 2005 nr. 1192: Forskrift om
felles klagenemnd for behandling av klagesa-
ker etter lov om universiteter og høyskoler § 4-
7 til § 4-10 § 2.
- Leiaren og varamedlem for leiaren i klage-
nemnd, jf. forskrift 8. september 2005 nr. 1040:
Forskrift om akkreditering, evaluering og god-
kjening etter lov om universiteter og høysko-
ler § 6-1.
- Leiaren og varamedlem for leiaren i klage-
nemnd, jf. forskrift 23. april 2008 nr. 391: For-
skrift om godkjenning etter fagskoleloven § 10.

- Leiaren av nasjonal nemnd etter universitets- og høgskoleloven § 4-9 (5).
- Leiaren og varamedlem for leiaren i klagenemnd etter universitets- og høgskoleloven § 5-1.

Dei same krava som gjeld for å bli utnemnd til *tingrettsdommar*, gjeld også for:

- Leiaren og varamedlem for leiaren i Klagenemnda for meirverdiavgift, jf. merverdiavgiftsloven § 57.
- Leiaren og nestleiaren i Oljeskattenemnda, jf. petroleumsskatteloven § 6.
- Leiaren og varamedlem for leiaren i særskild skjønsrett for bygningssaker, jf. plan- og bygningsloven § 60.
- To av medlemmene i Finnmarkscommisjonen, jf. finnmarksloven § 29.
- Formannen i administrasjonsstyre, jf. forskrift 24. august 1992 nr. 629: Forskrift om administrasjon av morselskap i forsikringskonsern.
- Utanriksdepartementet kan i samråd med Justitsdepartementet autorisere norske diplomatiske og konsulære tenestemenn som tilfredsstiller krava til tingrettsdommarar, til å ta opp bevis i sivile saker i utlandet, jf. forskrift 28. april 1950 nr. 3419: Forskrift om bevisopptak i sivile saker i utlandet.
- Leiaren og nestleiaren i skatteklagenemnda, jf. forskrift 7. november 2007 nr. 1229: Forskrift om oppnevning, sammensetning og organisering av skatteklagenemndene § 3.

Dei same krava som gjeld for å bli utnemnd til *riksadvokat*, gjeld også for generaladvokaten, jf. straffeprosessloven § 472.

3.6 Departementet sitt syn

Høyringa av spørsmåla om lovendring som følgje av nytt karaktersystem ligg noko tilbake i tid. Departementet har likevel ikkje funne det naudsynt med ei ny høyring.

Departementet går inn for å oppheve krava i domstolloven § 54 første ledd og straffeprosessloven § 56 første ledd om «beste karakter» for å kunne bli høgsterettsdommar, førstelagmann, lagmann eller riksadvokat. Vidare går departementet inn for å oppheve kravet i domstolloven § 54 andre og tredje ledd om «beste eller næstbeste karakter» for å kunne bli lagdommar, tingrettsdommar eller dommarfullmektig. Forsлага er ein konsekvens av at desse krava om eit særskilt eksamensresultat ikkje er tilpassa karaktersystemet etter universi-

tets- og høgskoleloven, og av at det etter departementet sitt syn ikkje er behov for ein lovfesta regel om kva for eksamsresultat den einskilde må ha oppnådd. For dommarar følgjer det av domstolloven § 55 andre ledd at det ved utnemning skal stillast høge krav til faglege kvalifikasjonar og personlege eigenskapar. Sjølv om det ikkje kjem til uttrykk i lova, bør det same gjelde ved utnemning av riksadvokat. Det er ikkje meninga med lovforslaget at det skal leggjast mindre vekt på eksamsresultat framover for nokre av stillingane. Det er heller ikkje meninga at det skal leggjast mindre vekt på eksamsresultat ved val mellom fleire kandidatar som begge eller alle har gode karakterar. For utnemning av lagdommarar og dommarar i tingretten og for tilsetting av dommarfullmektigar vil endringa ha korkje formell eller praktisk betydning, sidan kravet til «beste eller næstbeste karakter» som nemnt dekkjer heile skalaen av karakterar for eksamen som er bestått.

Sidan forslaget om å oppheve karakterkrava er av teknisk karakter, og ikkje skal føre til realitetsendringar, er det ikkje grunn til å kommentere ytterlegare den indirekte verknaden som ligg i at ei rekke andre lover og forskrifter visar til dei kvalifikasjonskrava som gjeld for dommarar eller riksadvokat for andre stillingar eller verv (jf. punkt 3.5 ovanfor).

Departementet går ikkje inn for å endra krava til oppnådd alder, då dette ikkje frå departementets side var gjort til tema for høyringa.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Ingen av dei endringane som blir foreslått, vil ha økonomiske eller administrative konsekvensar av betydning. Forslaget til eit nytt punkt nr. 5 i domstolloven § 121 c første ledd, inneber ei viss utviding av dommarane si plikt til å søkje om godkjenning av sidegjeremål. Aukinga i talet på slike søknadar må likevel reknast å bli så litat at det ikkje er tale om nemneverdige konsekvensar av økonomisk eller administrativ art. Eventuelle meirutgifter vil bli dekka innanfor gjeldande budsjett. Overføringa av myndet til å godkjenne sidegjeremål for dommarane i Høgsterett frå Domstoladminstrasjonen til justitiarius i domstolen inneber i prinsippet ei administrativ forenkling, men vil ikkje gi ei reell innsparing.

5 Merknader til dei enkelte endringsforsлага

Om endringane i domstolloven

Til § 54

I *første ledd* er orda «med beste karakter», fjerna. Vidare er orda «eller mastergrad i rettsvitenskap» lagt til som eit alternativ til juridisk embetsekseamen. I *andre og tredje ledd* er orda «med beste eller næstbeste karakter», fjerna, og alternativet «eller mastergrad i rettsvitenskap» er lagt til.

Fjerning av karakterkrava er ein konsekvens av at dei juridiske fakulteta har gått over frå å gje tallkarakterar til å gje bokstavkarakterar, slik det følger av universitets- og høgskoleloven § 3-9, og av at dei ikkje lenger gir ein samla karakter for heile studiet. For dommarar følgjer det av domstolloven § 55 at det framleis gjeld høge krav til faglege kvalifikasjonar. Endringane inneber ikkje at det for nokon av stillingane skal leggjast mindre vekt på karakterar ved utnemningar enn før. Ein viser til punkt 3.6 i dei alminnelege merknadene.

Tilføyning av alternativet «eller mastergrad i rettsvitenskap» i alle ledd av føresegna er ein konsekvens av at juridisk embetsekseamen er erstatta med graden master i rettsvitenskap ved dei juridiske fakulteta.

Til § 121 c første ledd

Nr. 5 er forslag til ein ny regel om plikt for dommarar til å søkje om godkjenning før dei tar på seg sidegjeremål i form av granskning. Forslaget er omtalt i punkt 2.2.

Med «granskning» meinast eit oppdrag som går ut på å undersøkje dei faktiske tilhøva ikring ei hending eller ei serie hendingar, og vurdera om det aktuelle faktum inneber at nokon har brote rettsreglar (eventuelt også etiske normer). I mange tilfeller blir granskaren også beden om å uttale seg om behov for nye reglar, arbeidsmåtar eller liknande. Ved at regelen gjeld *sidegjeremål* i form av granskning, jf. § 121 c første ledd jf. § 121 a, fell granskningar som inngår i dommarembetet, utanfor plikta til å søkje om godkjenning.

Forslaget gjeld både deltaking i granskingsutval og granskingskommisjonar og oppdrag som einegranskar. I utgangspunktet skil den nye regelen ikkje mellom granskning i offentleg og privat regi, men temaet for granskninga kan ha mykje å seie for vurderinga av om samtykkje skal gjevast. Med den nye regelen blir det ikkje lenger naudsynt å vurdere om ei granskning blir omfatta av § 121 c første ledd nr. 3, 4 eller 5. Kravet om samtykkje gjeld ikkje i tilfeller der oppnemninga blir gjort av

Stortinget eller Kongen i statsråd, sjå § 121 c andre ledd nr. 1.

Endringa i *nr. 7* er av rein språkleg karakter.

Til § 121 d

Første ledd får eit nytt tredje punktum som inneber at primærkompetansen til å godkjenne sidegjeremål for dommarar i Högsterett blir flytta frå Domstoladminstrasjonen til justitiarius i Högsterett. Justitiarius skal med andre ord ikkje lenger utøve myndet på grunnlag av delegasjon frå Domstoladminstrasjonen. Ein viser til punkt 2.3. Spørsmål om godkjenning av sidegjeremål for justitiarius i Högsterett vil måtte avgjera gjennom diskusjon i dommarkollegiet og ei formell avgjerd frå eldste dommar i samsvar med konklusjonen der.

Endringane i *andre ledd* går ut på at justitiarius sine avgjelder om sidegjeremål skal vere endelige, og altså ikkje lenger kunne påklagast til Domstoladminstrasjonen. Det same må gjelde for tilfeller der avgjerala gjeld justitiarius sjølv, og er tatt av eldste dommar på grunnlag av diskusjon i dommarkollegiet.

Til §§ 218, 219, 220 og 223

Kravet til juridisk embetsekseamen etter desse føresegnene er supplert med alternativet «eller mastergrad i rettsvitenskap». Endringane er ein konsekvens av at dei juridiske fakulteta ikkje lenger tildel juridisk embetsekseamen, men graden master i rettsvitenskap.

Til § 241 første ledd

I *første punktum* er «mastergrad i rettsvitenskap» lagt til som eit alternativ til juridisk embetsekseamen. Endringa følgjer av at dei juridiske fakulteta ikkje lenger tildel juridisk embetsekseamen, men graden master i rettsvitenskap.

Tredje punktum er fjerna. Denne endringa er ein konsekvens av forslaget om at krava om «beste karakter» i § 54 første ledd og straffeprosessloven § 56 første ledd opphevast. Endringa er av berre teknisk art.

Om endringane i rettshjelploven

Til § 11 andre ledd nr. 5

Arbeidsmiljøloven av 4. februar 1977 nr. 4 er oppheva og erstatta med lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv av 17. juni 2005 nr 62. Rettshjelploven si tilvising til arbeidsmiljøloven blei ikkje endra då ny arbeidsmiljølov blei satt i kraft 1. januar 2006. Departementet foreslår difor å endre denne no.

Til § 27 andre ledd

Rettshjelploven sine tilvisingar til tvistemålsloven blei endra i samband med at twisteloven ble satt i kraft. Ved eit mistak blei tilvising til tvistemålsloven i rettshjelploven § 27 oversett i dette lovarbeidet. Departementet foreslår difor no å erstatte tilvisinga til tvistemålsloven med ei tilvising til twisteloven. Endringa medfører ikkje nokon realitetsendring.

*Om endringane i straffeprosessloven**Til §§ 55, 57, 67, 68, 76, 395 og 399*

Kravet til juridisk embetseksamen etter desse føresegndene er supplert med alternativet «eller mastergrad i rettsvitenskap». Endringane er ein konsekvens av at dei juridiske fakulteta ikkje lenger tildel juridisk embetseksamen, men graden master i rettsvitenskap.

Til § 56 første ledd

Orda «med beste karakter» er fjerna. Vidare er «mastergrad i rettsvitenskap» lagt til som eit alternativ til juridisk embetseksamen. Bakgrunnen for å fjerne karakterkravet er den same som for endringane i domstolloven § 54. Ein viser til særmerknadene til endringane i denne føresegnda og til punkt 3.6. Alternativet «mastergrad i rettsvitenskap» er ein konsekvens av at juridisk embetseksamen er erstatta med graden master i rettsvitenskap ved dei juridiske fakulteta.

Om endringa i lov om nordisk arrestordre § 24 nr. 3

Ved lov 19. september 2008 nr. 77 om pågripelse og overlevering mellom de nordiske stater på grunn av straffbare forhold (nordisk arrestordre) blei det vedteke eit nytt fjerde ledd i § 24 i uteleveringsloven (lov 13. juni 1975 nr. 39). Den aktuelle delen av lovvedtaket har følgjande ordlyd:

«Endringen i uteleveringsloven § 9 trer i kraft straks.»

Endringa er ein inkurie (slik det også er opplyst i ei note til lova på Lovdata). Departementet foreslår difor no at ho opphevast.

Om ikraftsettinga

Lova trer i kraft frå den tid Kongen bestemmer. Dei ulike føresegndene kan settast i kraft til ulik tid. Det er ikkje naudsynt med overgangsregler. Endringane i domstolloven om godkjenning av sidegjermål vil ikkje gjelde for sidegjermål som dommarar allereie har takka ja til før lova trer i kraft.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i domstolloven mv. (godkjenning av sidegjermål for dommarar mv.).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i domstolloven mv. (godkjenning av sidegjermål for dommarar mv.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i domstolloven mv. (om godkjenning av sidegjøremål for dommarar mv.)

I

I lov 13. august 1915 nr. 5 om domstolene blir det gjort følgjande endringar:

§ 54 skal lyde:

Høyesterettsdommere, førstelagmenn og lagmenn må ha fylt 30 år og ha juridisk *embetseksamen eller mastergrad i rettsvitenskap*.

Lagdommere og tingrettsdommere må ha fylt 25 år og ha juridisk *embetseksamen eller mastergrad i rettsvitenskap*.

Dommerfuldmægtiger maa ha fyldt 21 aar og ha juridisk *embetseksamen eller mastergrad i rettsvitenskap*.

§ 121 c første ledd skal lyde:

En dommer i Høyesterett, lagmannsrettene, tingrettene, jordskifteoverrettene og jordskifterettene må søke om godkjenning for sidegjøremål

1. som kan medføre at dommeren mer enn leilighetsvis kan bli inhabil
2. som kan medføre at arbeidet i dommerstillingen hemmes eller sinkes
3. i kollegiale forvaltningsorganer hvor det er sannsynlig at avgjørelsen kan bli brakt inn for domstolene til overprøving
4. i privat eller offentlig næringsvirksomhet
5. *om gransking*
6. i private tvisteløsningsnemnder og
7. som medlem i voldgiftsrett

§ 121 d skal lyde:

Godkjenning av dommeres sidegjøremål gis av domstoladministrasjonen. Domstoladministrasjonen kan delegere til domstollederen å treffe vedtak i saker om godkjenning. *For dommere i Høyesterett godkjennes sidegjøremål av justitiarius.*

For saker om godkjenning gjelder forvaltningslovens regler om enkeltvedtak, *likevel slik at vedtak av domstoladministrasjonen og vedtak av justitiarius i Høyesterett ikke kan påklages.»*

§ 218 andre ledd nr. 1 skal lyde:

1. Den som har juridisk embetseksamen *eller mastergrad i rettsvitenskap*, men ikke har advokatbevilling, kan yte rettshjelp.

§ 219 tredje ledd skal lyde:

Advokatbevillingsnemnden kan nedlegge forbud mot at en person som har juridisk embetseksamen *eller mastergrad i rettsvitenskap*, yter rettshjelp etter § 218 annet ledd nr. 1, og kan tilbakekalle tillatelser gitt i medhold av § 218 annet ledd nr. 3 og 4, dersom vedkommende har gjort eller gjør seg skyldig i forhold som gjør vedkommende usikket eller uverdig til å yte rettshjelp eller vedkommende overtrer bestemmelser gitt i medhold av første eller annet ledd eller vilkår eller begrensninger som nevnt i første ledd fjerde punktum.

§ 220 andre ledd nr. 1 og 2 skal lyde:

1. at vedkommende har bestått juridisk embetseksamen *eller mastergrad i rettsvitenskap*, og
2. at vedkommende i til sammen minst to år etter embetseksamen *eller mastergrad* har vært i virksomhet
 - a. som autorisert fullmektig hos en advokat som selv utøver advokatvirksomhet,
 - b. som dommer eller dommerfullmektig,
 - c. i en stilling ved påtalemyndigheten der behandling av rettssaker inngår som en vesentlig del, eller
 - d. som universitetslærer i rettsvitenskap.

§ 223 andre ledd andre punktum skal lyde:

Fullmektigen må ha juridisk embetseksamen *eller mastergrad i rettsvitenskap*, og det må godtgjøres ved politiattest at vedkommende har ført en hederlig vandel.

§ 241 første ledd skal lyde:

Når denne eller annen lov krever juridisk embetseksamen *eller mastergrad i rettsvitenskap* for utnevning til embete eller tilsetting i stilling,

kan vedkommende styresmakt i særlige tilfelle godta tilsvarende juridisk eksamen i utlandet, såfremt det godtgjøres at vedkommende har tilstrekkelige kunnskaper i norsk rett. Avgjørelsen tas etter en samlet vurdering av den avgjorte eksamen og vedkommendes virksomhet, særlig her i landet, eventuelt supplert med en *prøve*.

II

I lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp blir det gjort følgjande endringar:

§ 11 andre ledd nr. 5 skal lyde:

5 for arbeidstaker i sak etter arbeidsmiljøloven om et arbeidsforhold består eller om erstatning i forbindelse med opphør av et arbeidsforhold.

§ 27 andre ledd skal lyde:

For anke etter første ledd gjelder reglene i *tviseloven* og domstolloven dersom ikke annet følger av paragrafen her.

III

I lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker blir det gjort følgjande endringar:

§ 55 første ledd nr. 3 skal lyde:

3. politimestrene, visepolitimestrene, sjefen og den assisterende sjefen for Politiets Sikkerhetstjeneste, sjefen og den assisterende sjefen for Nye Kripo, politiinspektorene, politiadvokatene, og politifullmektigene for så vidt de har juridisk embetseksamens *eller mastergrad i rettsvitenskap* og gjør tjeneste i embete eller stilling som er tillagt påtalemyndighet,

§ 55 andre ledd skal lyde:

Kongen kan bestemme at en politiembets- eller tjenestemann som nevnt i første ledd nr. 3 skal tilhøre påtalemyndigheten selv om han ikke har juridisk embetseksamens *eller mastergrad i rettsvitenskap*. Det samme gjelder for tjenestemann ved Statens Innkrevingsentral.

§ 56 første ledd skal lyde:

Riksadvokaten er embetsmann. Han må ha juridisk embetseksamens *eller mastergrad i rettsvitenskap*. I forhold til regelen i Grunnloven § 22 betrak-

tes han som overøvrighet. Domstolsloven § 235 gjelder tilsvarende.

§ 57 første ledd andre punktum skal lyde:

De må ha juridisk embetseksamens *eller mastergrad i rettsvitenskap*.

§ 67 tredje ledd andre punktum skal lyde:

Etter generelle retningslinjer gitt av riksadvokaten kan politimesteren med skriftlig samtykke fra førstestatsadvokaten beslutte at også andre tjenestemenn med juridisk embetseksamens *eller mastergrad i rettsvitenskap* innen påtalemyndigheten i politiet skal ha slik myndighet.

§ 67 sjette ledd tredje punktum skal lyde:

Lederen eller en annen i organet med juridisk embetseksamens *eller mastergrad i rettsvitenskap* som lederen gir fullmakt i henhold til generelle retningslinjer gitt av riksadvokaten, avgjør spørsmålet om tiltale når påtalespørsmålet ikke hører under Kongen i statsråd eller riksadvokaten.

§ 68 tredje ledd tredje punktum skal lyde:

Politimesteren kan, med skriftlig samtykke fra førstestatsadvokaten, bestemme at også andre tjenestemenn med juridisk embetseksamens *eller mastergrad i rettsvitenskap* i ledende stillinger innen påtalemyndigheten i politiet skal ha samme anekkompetanse som politimesterens faste stedfortreder.

§ 76 andre ledd andre punktum skal lyde:

Når særlige grunner foreligger, kan riksadvokaten overdra til en polititjenestemann som har juridisk embetseksamens *eller mastergrad i rettsvitenskap*, men som ikke hører til påtalemyndigheten, å føre saker ved lagmannsrett eller ved tingrett.

§ 395 første ledd andre punktum skal lyde:

Kommisjonens leder, nestleder, ett annet fast medlem og to av varamedlemmene skal ha juridisk embetseksamens *eller mastergrad i rettsvitenskap*.

§ 399 andre punktum skal lyde:

Fem medlemmer hvorav tre med juridisk embetseksamens *eller mastergrad i rettsvitenskap* avgjør om begjæringen skal tas til følge.

IV

Lov 19. september 2008 nr. 77 om pågripelse og overlevering mellom de nordiske stater på grunn av straffbare forhold (nordisk arrestordre) § 24 nr. 3 opphevast kva gjeld endring i lov 13. juni 1975 nr. 39 om utelevering av lovbrytere m.v. (uteleveringsloven) § 24 nytt fjerde ledd.

V

Lova trer i kraft frå den tid Kongen bestemmer. Dei ulike føresegnene kan settast i kraft til ulik tid.

